	Netto Korona kostnader	111 000	0	0	0	0	0
2227	Dataarbeidskartlegging						
	Utgift Dataarbeidskartlegging	183 000	0	0	0	0	0
	Netto Dataarbeidskartlegging	183 000	0	0	0	0	0
2228	Visit Ulvik 2020						
	Utgift Visit Ulvik 2020	10 000	0	0	0	0	0



	Beskrivelse	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
	Netto Visit Ulvik 2020	10 000	0	0	0	0	0
2233	Koronaprosjekt vedlikehald 2020						
	Inntekt Koronaprosjekt vedlikehald 2020	-87 000	0	0	0	0	0
	Utgift Koronaprosjekt vedlikehald 2020	109 000	0	0	0	0	0
	Netto Koronaprosjekt vedlikehald 2020	22 000	0	0	0	0	0
4024	Toalettanlegg Holmen 2020						
	Inntekt Toalettanlegg Holmen 2020	-555 000	0	0	0	0	0
	Utgift Toalettanlegg Holmen 2020	694 000	0	0	0	0	0
	Netto Toalettanlegg Holmen 2020	139 000	0	0	0	0	0
4101	Brannbil 2018						
	Utgift Brannbil 2018	0	327 000	0	0	0	0
	Netto Brannbil 2018	0	327 000	0	0	0	0
4232	Kommunedelplan vann						
	Utgift Kommunedelplan vann	0	2 998 000	0	0	0	0
	Netto Kommunedelplan vann	0	2 998 000	0	0	0	0
4233	Kommunedelplan avløp						
	Utgift Kommunedelplan avløp	0	2 998 000	0	0	0	0
	Netto Kommunedelplan avløp	0	2 998 000	0	0	0	0
4248	Kvåle-Håheim VA						
	Utgift Kvåle-Håheim VA	110 000	0	0	0	0	0
	Netto Kvåle-Håheim VA	110 000	0	0	0	0	0
4249	Prestabrekka VA 2020						
	Utgift Prestabrekka VA 2020	548 000	0	0	0	0	0



Beskrivelse	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Netto Prestabrekka VA 2020	548 000	0	0	0	0	0
<b>4250 Fortau Storøyni</b>						
Utgift Fortau Storøyni	155 000	0	0	0	0	0
Netto Fortau Storøyni	155 000	0	0	0	0	0
<b>4251 Hamneforskrift</b>						
Utgift Hamneforskrift	4 000	0	0	0	0	0
Netto Hamneforskrift	4 000	0	0	0	0	0
<b>4252 Rehab kloakkledning skulen</b>						
Utgift Rehab kloakkledning skulen	31 000	0	0	0	0	0
Netto Rehab kloakkledning skulen	31 000	0	0	0	0	0
<b>4255 VA-plan vatn 2021</b>						
Utgift VA-plan vatn 2021	94 000	0	0	0	0	0
Netto VA-plan vatn 2021	94 000	0	0	0	0	0
<b>4256 VA-plan avløp 2021</b>						
Utgift VA-plan avløp 2021	55 000	0	0	0	0	0
Netto VA-plan avløp 2021	55 000	0	0	0	0	0
<b>4315 Sal av kommunal eigedom</b>						
Utgift Sal av kommunal eigedom	1 000	0	0	0	0	0
Netto Sal av kommunal eigedom	1 000	0	0	0	0	0
<b>4360 Toppdekke Holmen</b>						
Inntekt Toppdekke Holmen	207 000	0	0	0	0	0
Utgift Toppdekke Holmen	-207 000	0	0	0	0	0
<b>4367 Sjukeheim/ omsorgsbustader</b>						
Inntekt Sjukeheim/ omsorgsbustader	-173 000	0	0	0	0	0
Utgift Sjukeheim/ omsorgsbustader	8 014 000	0	0	0	0	0



	Beskrivelse	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
	Netto Sjukeheim/ omsorgsbustader	7 841 000	0	0	0	0	0
4428	TSplan 2018						
	Utgift TSplan 2018	51 000	0	0	0	0	0
	Netto TSplan 2018	51 000	0	0	0	0	0
4430	Inventar barnehage 2019						
	Utgift Inventar barnehage 2019	0	635 000	0	0	0	0
	Netto Inventar barnehage 2019	0	635 000	0	0	0	0
4431	Kommunale bygg 2019						
	Utgift Kommunale bygg 2019	0	6 049 000	0	0	0	0
	Netto Kommunale bygg 2019	0	6 049 000	0	0	0	0
4432	Kommunale vegar 2019						
	Utgift Kommunale vegar 2019	2 000	0	0	0	0	0
	Netto Kommunale vegar 2019	2 000	0	0	0	0	0
4437	Sal sjukeheim i Prestagarden						
	Utgift Sal sjukeheim i Prestagarden	162 000	0	0	0	0	0
	Netto Sal sjukeheim i Prestagarden	162 000	0	0	0	0	0
4439	Byrsevegen 2019						
	Utgift Byrsevegen 2019	240 000	0	0	0	0	0
	Netto Byrsevegen 2019	240 000	0	0	0	0	0
4444	Kommunale bygg 2020						
	Utgift Kommunale bygg 2020	0	-250 000	0	0	0	0
	Netto Kommunale bygg 2020	0	-250 000	0	0	0	0
4445	Kommunale vegar 2020						
	Utgift Kommunale vegar 2020	559 000	4 500 000	0	0	0	0



Beskrivelse	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Netto Kommunale vegar 2020	559 000	4 500 000	0	0	0	0
<b>4446 Bilar helse</b>						
Utgift Bilar helse	0	725 000	0	0	0	0
Netto Bilar helse	0	725 000	0	0	0	0
<b>4447 Uteområde undervisning</b>						
Inntekt Uteområde undervisning	-903 000	0	0	0	0	0
Utgift Uteområde undervisning	1 577 000	0	0	0	0	0
Netto Uteområde undervisning	674 000	0	0	0	0	0
<b>4448 Læremiddel skule 2020</b>						
Utgift Læremiddel skule 2020	49 000	0	0	0	0	0
Netto Læremiddel skule 2020	49 000	0	0	0	0	0
<b>4452 Tømestasjon bubil 2020</b>						
Inntekt Tømestasjon bubil 2020	-100 000	0	0	0	0	0
Utgift Tømestasjon bubil 2020	100 000	0	0	0	0	0
<b>4453 Inneklima Brakanes skule</b>						
Utgift Inneklima Brakanes skule	749 000	0	0	0	0	0
Netto Inneklima Brakanes skule	749 000	0	0	0	0	0
<b>4454 Utgreiing barnehagebygg 2020</b>						
Utgift Utgreiing barnehagebygg 2020	79 000	0	0	0	0	0
Netto Utgreiing barnehagebygg 2020	79 000	0	0	0	0	0
<b>4455 Inneklima varme og ventilasjon Sentrumsbypgg</b>						
Utgift Inneklima varme og ventilasjon Sentrumsbypgg	98 000	0	0	0	0	0



Beskrivelse	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Netto Inneklima varme og ventilasjon Sentrumsbygg	98 000	0	0	0	0	0
<b>4456 Riving Lekve skule</b>						
Inntekt Riving Lekve skule	-250 000	0	0	0	0	0
Utgift Riving Lekve skule	270 000	0	0	0	0	0
Netto Riving Lekve skule	20 000	0	0	0	0	0
<b>4457 Bagne skule sal</b>						
Utgift Bagne skule sal	10 000	0	0	0	0	0
Netto Bagne skule sal	10 000	0	0	0	0	0
<b>4458 Promenade 2020</b>						
Utgift Promenade 2020	47 000	0	0	0	0	0
Netto Promenade 2020	47 000	0	0	0	0	0
<b>4501 IKT-investeringar Stab 2022-2025</b>						
Utgift IKT-investeringar Stab 2022-2025	0	0	3 405 000	1 900 000	1 310 000	350 000
Netto IKT-investeringar Stab 2022-2025	0	0	3 405 000	1 900 000	1 310 000	350 000
<b>4502 Andre investeringar stab 2022</b>						
Utgift Andre investeringar stab 2022	0	0	240 000	0	0	0
Netto Andre investeringar stab 2022	0	0	240 000	0	0	0
<b>4503 Investeringar barnehagen 2022-2025</b>						
Utgift Investeringar barnehagen 2022-2025	0	0	875 000	200 000	200 000	200 000
Netto Investeringar barnehagen 2022-2025	0	0	875 000	200 000	200 000	200 000
<b>4508 VA-investeringar kloakk 2022-2025</b>						



Beskrivelse	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Utgift VA-investeringar kloakk 2022-2025	0	0	300 000	250 000	250 000	250 000
Netto VA-investeringar kloakk 2022-2025	0	0	300 000	250 000	250 000	250 000
<b>4509 VA-investeringar vatn 2022-2025</b>						
Utgift VA-investeringar vatn 2022-2025	0	0	300 000	250 000	250 000	250 000
Netto VA-investeringar vatn 2022-2025	0	0	300 000	250 000	250 000	250 000
<b>4510 Vedlikehaldsplan bygg 2022-2025</b>						
Utgift Vedlikehaldsplan bygg 2022-2025	0	0	8 860 000	2 144 000	2 078 000	2 078 000
Netto Vedlikehaldsplan bygg 2022-2025	0	0	8 860 000	2 144 000	2 078 000	2 078 000
<b>4511 Vedlikehaldsplan veg 2022-2025</b>						
Utgift Vedlikehaldsplan veg 2022-2025	0	0	300 000	2 000 000	1 950 000	1 950 000
Netto Vedlikehaldsplan veg 2022-2025	0	0	300 000	2 000 000	1 950 000	1 950 000
<b>4512 Vedlikehaldsplan hamn og kai 2022-2025</b>						
Utgift Vedlikehaldsplan hamn og kai 2022-2025	0	0	1 500 000	0	0	0
Netto Vedlikehaldsplan hamn og kai 2022-2025	0	0	1 500 000	0	0	0
<b>4513 Investeringsplan IKT skulen 2022-2025</b>						
Utgift Investeringsplan IKT skulen 2022-2025	0	0	1 100 000	1 100 000	1 100 000	1 100 000
Netto Investeringsplan IKT skulen 2022-2025	0	0	1 100 000	1 100 000	1 100 000	1 100 000
<b>4517 Kompetanseheving brannvesen 2022-2025</b>						
Utgift Kompetanseheving brannvesen 2022-2025	0	0	300 000	300 000	300 000	300 000



	Beskrivelse	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
	<b>Netto Kompetanseheving brannvesen 2022-2025</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>300 000</b>	<b>300 000</b>	<b>300 000</b>	<b>300 000</b>
<b>4518</b>	<b>Investeringsplan helse 2022-2025</b>						
	<b>Utgift Investeringsplan helse 2022-2025</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1 000 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
	<b>Netto Investeringsplan helse 2022-2025</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1 000 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>5005</b>	<b>Kjøp campinghytter</b>						
	<b>Inntekt Kjøp campinghytter</b>	<b>-160 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
	<b>Utgift Kjøp campinghytter</b>	<b>160 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>5100</b>	<b>Dagsturhytte</b>						
	<b>Inntekt Dagsturhytte</b>	<b>-50 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
	<b>Utgift Dagsturhytte</b>	<b>50 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>9001</b>	<b>Innbet til husbanklån</b>						
	<b>Inntekt Innbet til husbanklån</b>	<b>-788 000</b>	<b>-100 000</b>				
	<b>Utgift Innbet til husbanklån</b>	<b>35 000</b>	<b>100 000</b>	<b>100 000</b>	<b>100 000</b>	<b>100 000</b>	<b>100 000</b>
	<b>Netto Innbet til husbanklån</b>	<b>-753 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>9002</b>	<b>Husbanklån nr 13551939</b>						
	<b>Utgift Husbanklån nr 13551939</b>	<b>37 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
	<b>Netto Husbanklån nr 13551939</b>	<b>37 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>9008</b>	<b>Husbanklån nr 135426971</b>						
	<b>Utgift Husbanklån nr 135426971</b>	<b>36 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
	<b>Netto Husbanklån nr 135426971</b>	<b>36 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>9010</b>	<b>Husbanklån nr 13559344</b>						
	<b>Utgift Husbanklån nr 13559344</b>	<b>67 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
	<b>Netto Husbanklån nr 13559344</b>	<b>67 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>



	Beskrivelse	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
9011	Husbanklån 2012 nr 13559976						
	Utgift Husbanklån 2012 nr 13559976	184 000	0	0	0	0	0
	Netto Husbanklån 2012 nr 13559976	184 000	0	0	0	0	0
9013	Husbanklån nr 24519013						
	Utgift Husbanklån nr 24519013	241 000	0	0	0	0	0
	Netto Husbanklån nr 24519013	241 000	0	0	0	0	0
9014	Husbanklån nr 13561698						
	Utgift Husbanklån nr 13561698	93 000	0	0	0	0	0
	Netto Husbanklån nr 13561698	93 000	0	0	0	0	0
9015	Husbanklån nr 13584025						
	Utgift Husbanklån nr 13584025	51 000	0	0	0	0	0
	Netto Husbanklån nr 13584025	51 000	0	0	0	0	0
9016	Husbanklån 2020 nr 13584824						
	Utgift Husbanklån 2020 nr 13584824	43 000	0	0	0	0	0
	Netto Husbanklån 2020 nr 13584824	43 000	0	0	0	0	0
9019	Utlån av husbanklån						
	Inntekt Utlån av husbanklån	0	-5 000 000	-5 000 000	0	-5 000 000	0
	Utgift Utlån av husbanklån	0	5 000 000	5 000 000	0	5 000 000	0
9040	Overføring fra driftsrekneskapet						
	Inntekt Overføring fra driftsrekneskapet	-1 685 000	-483 000	-1 041 000	-767 000	-454 000	-454 000
	Netto Overføring fra driftsrekneskapet	-1 685 000	-483 000	-1 041 000	-767 000	-454 000	-454 000
9060	Auka EK innskudd KLP						



Beskrivelse	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
<b>Utgift Auka EK innskudd KLP</b>	<b>412 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Netto Auka EK innskudd KLP</b>	<b>412 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>9100 LÅN</b>						
<b>Inntekt LÅN</b>	<b>-13 781 000</b>	<b>-22 434 000</b>	<b>-17 139 000</b>	<b>-7 377 000</b>	<b>-6 984 000</b>	<b>-6 024 000</b>
<b>Netto LÅN</b>	<b>-13 781 000</b>	<b>-22 434 000</b>	<b>-17 139 000</b>	<b>-7 377 000</b>	<b>-6 984 000</b>	<b>-6 024 000</b>
<b>9800 Udekket i inv. reknesk</b>						
<b>Utgift Udekket i inv. reknesk</b>	<b>3 742 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Netto Udekket i inv. reknesk</b>	<b>3 742 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Inntekt</b>	<b>-21 280 000</b>	<b>-28 017 000</b>	<b>-23 280 000</b>	<b>-8 244 000</b>	<b>-12 538 000</b>	<b>-6 578 000</b>
<b>Utgift</b>	<b>21 280 000</b>	<b>28 017 000</b>	<b>23 280 000</b>	<b>8 244 000</b>	<b>12 538 000</b>	<b>6 578 000</b>

#### 1.4.8 Disponible fond

Ulvik herad har fire ulike typer fond, som kan nyttast i tillegg til vanlege inntekter:

- Disposisjonsfond (frie midlar som kan løvvast til både drift og investeringsføremål)
- Bundne driftsfond (midlar som berre kan nyttast til øyremerka driftsføremål)
- Ubundne investeringsfond (frie midlar som berre kan løvvast til investeringsføremål)
- Bundne investeringsfond (midlar som berre kan nyttast til øyremerka investeringsføremål)

Bundne drifts- og investeringsfond vil variera gjennom åra, avhengig av mottekne tilskot og er ikke nytta i budsjettet. Det opplystas difor berre om tilgjengelege midlar per 15.11.21.

Disposisjonsfond og ubundne investeringsfond presenterast i økonomiplanperioden etter tiltenkt saldo ved årsslutt.

Fond	2021	2022	2023	2024	2025
Disposisjonsfond	-14 423 419	-20 464 164	-21 852 880	-24 458 033	-25 343 499
Ubundne investeringsfond	-10 020 405	-8 220 400	-7 220 400	-7 220 400	-7 220 400
Bundne driftsfond per 15.11.21	-14 120 373				
Bundne investeringsfond per 15.11.21	-5 236 113				

#### 1.4.9 Næringsfondet

Budsjettet bruk av næringsfond 2022					
Teneste	Tekst	2022	2021	2020	2019
<b>3250</b>	<b>Tilrettelegging næring</b>				
	Samfunnsutviklar 100 %	983 216	963 503	730 000	442 100
16/334	Hardangerviddatunnelene	25 000	25 000	25 000	25 000
16/267	Kunsnarhusvære i Berlin	15 000	15 000	15 000	5 000
	Honorar AONGrieg	155 000	140 000	100 000	90 000
19/484	Visit Hardangerfjord AS	445 000	434 670	427 405	390 000
09/30-5	(LVK) Landssamansl. av Vasskraftkommunar	155 000	155 000	150 000	130 000
15/421-50	Fjordvegen Rute 13	40 000	35 000	35 000	35 000
11/281-1	Utmarkskomm sammenslutning	45 000	45 000	45 000	33 000
19/375-10	Ulvik Næringslag	250 000	250 000	950 000	972 000
17/198	Hardangerrådet	215 000	215 000	215 000	208 970
Retningsl.	SNP/Tilskot	600 000	600 000	600 000	600 000
21/199	Nynorsk kultursentrum - Haugesenter	1 150 000	1 150 000	1 130 000	1 100 000
21/79	Poesifestival (sjå avtale §4.7 og 8.1)	400 000	585 500	578 000	551 100
	Cittaslow	100 000	100 000	100 000	200 000
	Diverse driftsutgifter	217 001	212 775	212 775	176 576
19/248	Hardingpuls - Årleg tilskot	15 000	15 000	15 000	15 000
12/44	Medlemskontingent Forum nye Bergensbanen	40 000	39 500	38 877	38 120
19/388	HardangerSUS - Årleg tilskot	25 000	25 000	25 000	25 000
19/382	Cruise destinasjon hardangerfjord	40 000	40 000	40 000	120 000
	Plan for turruter i Ulvik jf tiltak	75 000	50 000	50 000	50 000
15/421-22	Rettslokale på Lofthus	18 000	14 000	14 000	13 450
	Dagsturhytte - driftskostnad	25 000			
	Tilskuddsportalen	26 000			
21/571	Turistbåt rute	50 000	50 000	50 000	
	Reiselivsstrategi for Ulvik jfr. SNU plan	0	300 000	300 000	
	Marknadsføring/Rekruttering jfr. SNU plan	250 000	100 000	100 000	Prosjekt over 2 år. Rest frå 2020 ca 75000, 57600

Budsjettert bruk av næringsfond 2022					
					eks.mva betalt 31.05.2021
	Fiberutbygging jf avtale med fylkeskommunen jf SNU plan	750 000			
	Oppgradering av Ulvik sentrum jf SNU plan	50 000			
20/498-2	Trakkemaskin Ulvik IL	100 068	100 100		
	SUM 3250	6 259 285	5 660 048	5 946 057	5 290 316
<b>3252</b>	<b>Ulvik Turistkontor</b>	840 000	750 000		
<b>3253</b>	<b>Tilrettelegging jordbruk</b>				
	Norsk Landbruksrådgjeving	50 000	50 000	50 000	50 000
	Løn med mer næring	405 300	436 119	374 000	205 000
		455 300	486 119	424 000	255 000
<b>3255</b>	<b>Tilrettelegging skogbruk</b>				
	Løn/drift næringsadm	338 000	326 135	374 000	253 000
<b>3256</b>	<b>Veterinærteneste</b>				
	Kjøp av tenester privat jnr.15/425-17 (140.833)	170 000	102 700	200 000	230 000
<b>3333</b>	<b>Osafjellsvegen</b>	41 200	41 200	41 200	40 000
<b>3852</b>	<b>"Frie" kulturmidlar</b>	125 000	103 000	103 000	100 000
<b>3601</b>	<b>Vilt/utmarksnæring</b>				
	Løn/administrasjon	76 800	74 121	108 000	108 000
<b>3750</b>	<b>Museum</b>				
	Hardanger og Voss Museum	11 000	11 000	12 000	12 000
<b>3850</b>	<b>Kulturadm.</b>				
	Lønn kulturkonsulent	414 682	434 000	434 000	424 000


Budsjettert bruk av næringsfond 2022					
3650	Kulturminneforvaltning				
	Tilskot kulturvern	50 000	50 000	50 000	60 000
<b>SUM</b>		<b>8 781 268</b>	<b>8 038 323</b>	<b>7 692 257</b>	<b>7 136 916</b>
Konto	Konto(T)	Framlegg 2022	Vedtak 2021	Vedtak 2020	Vedtak 2019
<b>3250</b>	<b>Tilrettelegging næringsliv</b>				
10100	Fast lønn	750 018	728 861	547 000	304 000
10900	Pensjonspremie KLP	137 067	140 400	110 900	82 000
10909	Ulukkes- / Gruppelivsforsikring	2 100	2 100	2 100	2 100
10990	Arbeidsgjevaravgift	94 031	92 142	70 000	54 000
11152	Komm. servering	15 076	14 420	14 420	14 000
11208	Diverse materiell	2 250	2 210	2 210	2 146
11301	Telefontenster	5 680	5 580	5 580	5 417
11401	Lysing/reklame/info	48 223	47 370	47 370	45 990
11402	Representasjon	100 000	100 000	100 000	200 000
11500	Opplæring / kurs	16 288	16 000	16 000	15 534
11600	KM-godtgjersle	10 823	10 632	10 632	10 322
11951	Kontingentar, lisensar, gebyr	461 000	414 500	368 877	326 120
12000	Inventar og utstyr	5 680	5 580	5 580	5 417
12301	Vedlikehald anlegg	31 456	30 900	30 900	30 000
12700	Konsulenttenester	26 476	26 008	26 008	25 250
12701	Juridisk rådgjevning	55 048	54 075	54 075	52 500
	Dagsturhytta - driftskostnadar	25 000			
14700	Tilskot til næringsutv.	4 258 068	3 754 270	4 319 405	3 906 550
14701	Tilskot interkom. inst.	215 000	215 000	215 000	208 970
<b>19501</b>	<b>Bruk av næringsfondet</b>	<b>6 259 285</b>	<b>5 660 048</b>	<b>5 946 057</b>	<b>5 290 316</b>
<b>3252</b>	<b>Ulvik turistkontor</b>				
10100	Løn turistkontor	330 632	290 504		

Budsjettert bruk av næringsfond 2022					
10990	AGA turistkontor	41 671	36 952		
10990	Pensjon turistkontor	62 489	58 101		
11900	Husleige turistkontor	120 000	120 000		
11208	Andre driftskostnadar turistkontor	285 208	244 443		
<b>19501</b>	<b>Bruk av næringsfondet</b>	<b>840 000</b>	<b>750 000</b>		

## 1.5 Organisasjon

### 1.5.1 Organisasjonskart

*Administrativ organisering pr. 01.01.2022*



Heradet sin organisasjonsmodell er basert på delegert mynde frå rådmannen til kommunalsjefane, i tillegg til nokre fagspesifikke delegasjoner.

#### Einingane

Einingane i Ulvik herad er resultateiningar, med kvar sin kommunalsjef. Desse har delegert fullt økonomi- og personalansvar, samt mynde innanfor eige budsjett, med eigne mål og rammer.

Ulvik herad si målsetting er å styrka rolla som samfunnsaktør, med effektiv ressursbruk, god kvalitet på tenestene, høg grad av brukarmedverknad og lokaldemokrati.

Administrasjonen er oppteken av at heradet sine tilsette skal fungera som eitt lag, med fokus på korleis me kan møta innbyggjarane sine behov på best mogleg vis. Me skal og vera ein positiv tenesteleverandør, samarbeidspart, tilretteleggjar og saksførebuar.

### 1.5.2 Sjukefråvær

Ulvik herad har som mål å halda sjukefråværet på eit lågast mogleg nivå. Sjukefråværet har vore høgare dei siste to åra på grunn av koronapandemi. Det er eigne IA-program for barnehage og sjukeheimar som Ulvik må ta del i og bedriftshelsetenesta (BHT) er ein viktig samarbeidspartner i sjukefråværssarbeidet. Me har intern opplæring i sjukefråværssoppfølging for å sikra at me har gode rutinar og lik praksis på dette viktige temaet.

### 1.5.3 Kompetanseutvikling

Plan for kompetanseutvikling for Ulvik herad er frå 2007 og vil verta revidert i 2022 i tråd med vedteken planstrategi. Det er stort fokus på, og krav om kompetanseutvikling i einingane og det vert gjennomført mange gode kompetansehevingstiltak gjennom kurs, fagutdanninger og tilleggsutdanning, men me manglar ein oppdatert, overordna kompetanseplan.

### 1.5.4 Helse, miljø og tryggleik - HMT

Det vert jamleg halde møte i Arbeidsmiljøutvalet (AMU) og Administrasjonsutvalet.

AMU er eit reint administrativt organ der tre kommunalsjefar, to tillitsvaldrepresentantar, eitt hovudvernombod og ein representant frå bedriftshelsetenesta deltek. AMU handsamar aktuelle saker innan HMT-feltet og er AKAN-utval for Ulvik herad (AKAN har oppgåver relatert til personalsakar som gjeld misbruk av alkohol, narkotika og andre former for avhengigheit). AMU er etablert som eit partsutval for å sikra gode faglege drøftingar og samarbeid mellom arbeidstakar- og arbeidsgjevarsida.

Administrasjonsutvalet er eit politisk utval som handsamar saker av administrativ art som ikkje er delegerte til administrasjonen. I Ulvik herad er det meste delegert til rådmannen og tal saker til handsaming er lågt.

Det er eigne arbeidsmiljøgrupper i einingane der tillitsvalde og verneombod har jamlege møte med leiinga.

Det vert utarbeidd ein overordna HMT-plan kvart år, som vert vedteken i AMU. Einingane utarbeidar eigne lokale HMT-planar med aktuelle tiltak.

Det er årlege vernerundar på alle verneområda, der ein registrerer naudsynne tiltak. Det er sett av ein årleg pott som verneomboda fordeler etter gjennomførte vernerundar.

Ulvik herad har årleg trimaksjon, denne aksjonen pleier å vekkja engasjement og god stemning. I tillegg sponsrar Ulvik herad, etter søknad treningskort med inntil kr 600.

Det er stor aktivitet på HMT-området i Ulvik herad og det er jamlege møter mellom administrasjon og hovudverneombod. I tillegg har einingane jamleg møte med lokale verneombod.

Det er fokus på å oppdatera retningsliner for personal, samt kursing av tilsette innan relevante tema. Dette arbeidet vil verta forankra i både AMU og Administrasjonsutvalet.

For perioden 2022 og framover er det fokus på:

- Overordna HMT-plan
- Einingsvise HMT-planar
- Revidering av Personalpolitiske retningsliner
- Digitalisering av skjema innan personalarbeidet
- Sjukefråvær og rutiner rundt dette
- Førebygging av "Vald mot tilsette" og korleis ein skal handtera truande åtferd
- Registrering av avvik i Compilo og oppfølging av avvik
- Medarbeidarsamtale 1 gong i året for alle tilsette
- Oppfølging av Miljøfyrtårnordninga. Sentrumsbygget er sertifisert som Miljøfyrtårn og det blir årleg rapportert inn tal og miljøtiltak.

### 1.5.5 Likestilling

Ulvik herad er ein arbeidsplass med flest kvinnelege tilsette, tal fast tilsette per oktober 2021 er 163. Av desse er 115 kvinner og 48 menn. (70,55% og 29,45%). I tillegg til dei fast tilsette er det timeløna vikarar.

Ufrivillig deltid og heiltidskultur skal drøftast årleg med dei tillitsvalde. Ein del av deltidsstillingane er uønska deltid. Andre er ønska deltid med med bakgrunn i at det vert søkt om redusert arbeidstid for omsorg av små born. Ønska deltid medfører auke i uønska deltid.

Tariffavtalen har eige punkt om korleis ein skal handtera uønska deltidsstillingar. Me ynskjer å gjera ei kartlegging blant tilsette i 2022, for å sjå omfanget av uønska deltid.

Det er jamleg møte med dei tillitsvalde der ein informerer om ledige stillingar, endringar i organisasjon og anna driftsrelatert informasjon. Samarbeidet mellom administrasjon og fagforeiningane fungerer godt.

### 1.5.6 Etikk

Ulvik herad har etiske retningsliner og desse er ein del av Reglement for Ulvik herad. Dette reglementet skal reviderast i 2022/2023.

### 1.5.7 Klima og miljø

#### Miljøarbeid

Heradet arbeider målretta mot miljømåla stadfesta i Energi-,klima- og miljøplanen. Overgang til

energisparande lyskjelder, opprusting av varmeanlegg og oppfølging av energikostnadene er i fokus. Heradet praktiserer og ombruk av datautstyr.

Me har søkt midlar til etablering av fleire ladepunktar for elbilar, ved kommunale bygg. Dersom søknaden vert godkjent, vil dette prosjektet krevja eigendel på kr 300 000. dette beløp er innarbeidd i investeringsplan.

I tillegg til klimaplanen er fleire miljømål stadfesta i Kommunedelplan for vatn, avlaup og miljø. Mellom anna god kvalitet på drikkevatn og tilfredstillande resipientundersøkjing.

### Miljøfyrtårn

Sentrumsbygget er Miljøfyrtårnsertifisert. Bygget må resertifiserast kvart tredje år. Siste gong det vart resertifisert var i 2019, me skal difor jobba med ny sertifisering i komande år .

Miljøfyrtårn er eit verkty for å jobbe konkret med berekraft innan område som arbeidsmiljø, avfallshandtering, energibruk, innkjøp og transport. Miljøgruppa på Sentrumsbygget har årshjul for dette arbeidet og leverer årleg inn klima- og miljørappoart innan 1.april. Rapporten vert lagt fram som melding for politikarane.

## 1.6 Internkontroll og tilsyn

### 1.6.1 Internkontroll

Heradet har ein oppdatert nettbasert arkivplan som del av vår internkontroll for dokumentasjonsbehandling. Arkivplanen er tilgjengeleg for både interne og eksterne brukarar. Arkivplanen gjev bindande retningslinjer for behandling av all informasjon og dokumentasjon i heradet. Arkivlova med føresegner ligg til grunn for prosess- og rutineskildringar.

#### Personvern - GDPR:

I desember 2020 gjekk heradet til innkjøp av GDPR-systemet DraftIt. Heradet har nyleg vedtatt å kjøpa personvernombodsteneste frå Bergen frå 01.01.2022. I 2020 har alle tenesteområda, saman med personvern ombodet, laga behandlingsprotokollar jf. lovkrav i personopplysningslova.

#### Vedtaksoppfølging:

Politisk sekretariat implementerte vedtaksoppfølging i sakssystemet rundt sommaren 2020. Slik kan ein enkelt hente ut status for politisk vedtekne saker. Sakshandsamarane og leiarane har fått eigne korgar i sakssystemet som inneheld politisk vedtekne saker. Når sakene er effektuert endrar sakshandsamar sjølv status.

#### Avvikssystem, Compilo:

Mot slutten av 2020 implementerte vi avvikssystem med informasjon, kursing og opplæring i heradet.

- ALLE tilsette har tilgang
- Alle tilsette kan følge status på sine innmeldte avvik.
- Leiarane gjer avvikshandteringa her
- Leiarane hentar ut rapportar og statistikk

- Verneomboda har lesetilgang på avvik meldt inn i kategorien HMT

Jamleg opplæring: Tenestetorget held verkstadar i sakssystemet ca. kvar 6. veke, med ulike tema.

#### Forvaltningsrevision og eigarskapskontroll:

Revisjonen har i 2020 utarbeidd plan for forvaltningsrevision og eigarskapskontroll for perioden 2020 til 2023. Dette er ei lovpålagt oppgåve som kommunestyret skal gjennomføra minimum ein gong pr. valperiode. Planane skal vedtakast første året etter kommunevalet og danna grunnlaget for kontrollutvalet sine prioriteringar.

I samband med gjennomføringa vart det utført ein analyse over moglege risikoområder knytt til kommunen sin tenesteproduksjon og drift. Denne analysen er omtalt i kommunelova som risiko- og vesentlegvurdering (ROV). Som ledd i dette arbeidet hadde revisjonen eit prosessmøte med den administrative leiinga, saman med ordførar, politiske gruppeleiarar, kontrollutval og sekretariat for Ulvik herad. Møtet vart og nytta for å få innspel til eigarskapskontrollen.

I møtet gjekk ein gjennom konkrete risikoområder i Ulvik herad, som ein bør ha fokus på og kva konsekvensar det kan få for den eller dei som vert råka. Det var særleg drøfta risiko og konsekvensar relatert til tre perspektiv;

- Innbyggarperspektivet
- Organisasjonsperspektivet
- Samfunnsperspektivet

På bakgrunn av gjennomført prosessmøte og utført analyse, la revisjonen fram "Plan for forvaltningsrevision" og "Plan for eigarskapskontroll" for Kontrollutvalet.

#### **1.6.2 Tilsyn**

Det blir gjennomført årleg brannteknisk tilsyn på alle særskilde brannobjekt etter §15, dette omfatter skule, barnehage, Finse skule, etc. Tilsynet vart gjennomført av Voss brann og redning, saman med respektive representantar frå einingane.

Det er ikkje meldt nye tilsyn i tilsynskalenderen for 2022.

Skjenkekontrollen i Kvam har tilsyn/kontroll med sals- og skjenkenæringa.

## 2 Stab

### 2.1 Organisasjon

### 2.2 Tenesteproduksjon

#### 2.2.1 Innleiing

Staben har fylgjande teneste på sitt budsjett:

1000	Heradstyre/formannskap
1001	Politiske råd og utval
1003	Val
1004	Revisjon, kontrollutval
1005	Politiske komiteer
1200	Felles administrasjon
1201	IKT
1204	Personal - felles
1804	Eldreråd
1805	Ungdomsråd
3250	Tilrettelegging næringsliv
3650	Kulturminneforvaltning
3700	Ulvik folkebibliotek
3730	Kino
3750	Museum
3770	Kunstformidling
3800	Støtte idrettsorganisasjonar
3850	Kulturadministrasjon
3851	Lokalhistorisk arkiv
3852	Andre kulturaktivitetar
3900	Kyrkja
3920	Andre religiøse formål

## 2.2.2 Økonomisk oversikt og mål for planperioden

### 2.2.2.1 Økonomi

#### Driftsbudsjett per eining 2022 HST

Beskrivelse	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Stab						
Inntekt	-10 936 000	-7 960 000	-7 984 000	-7 984 000	-8 134 000	-8 134 000
Utgift	27 418 000	25 376 000	26 612 000	26 164 000	26 314 000	26 314 000
Netto	16 482 000	17 415 000	18 628 000	18 180 000	18 180 000	18 180 000

#### Investeringsoversikt per ansvar 2022-2025

År	2022	2023	2024	2025	Merknader
Fiberutbygging	750 000	750 000	750 000		Eigenandel fiberutbygging Ulvik herad
Modul nettside, skjemaoversikt m.m	90 000				
Acos Egedom		400 000			Modul til byggsak, scanning av arkiv ++.
E-signering Websak	140 000				Del av digitalisering av sakssystem
Avlevering til arkiv, 1992 - 2000	85 000		210 000		Ikah klargjør og tek imot saksarkiv for UH
Heradstyresalen/Nytt møterom sentrumsbygget	1 500 000				Utgreiing av digitalt oppsett/løysing, ny IKT-struktur i 2021 (usikkert tal)
Teams	100 000				Innføring og opplæring
Acos Websak + og Basis 8		400 000			Oppgradering av Fokus og Basis
Telefonentral /sentralbord/Mobilbedriftsnett	100 000				Flytta hele summen til 2022
Nettverkutstyr, switch ++	70 000				Utskifting av nettverksutstyr
Destruksjon av harddiskar	50 000				Innlevering av hardisker til godkjent firma
Nytt kinoutstyr			500 000		Utstyr for filmframvisning/kino må byttast
Oppgradering møterom kultur/helseavd.	65 000				Kjøp av skjerm til presentasjon, kurs, møter ++
IT-utstyr politisk	30 000				
BTI, heimesidemodul	75 000				Eiga modul til nettside, "betre tverrfagleg innsats for barn"
IT-Investerings Kvam	200 000	200 000	200 000	200 000	Fast sum basert på avtale.
Fast investeringar	150 000	150 000	150 000	150 000	
<b>TOTALT</b>	<b>3 405 000</b>	<b>1 900 000</b>	<b>1 810 000</b>	<b>350 000</b>	

### 2.2.2.2 Årsverk

#### Årsverk

Ansvar	Totalt antall årsverk	Faste	Midlertidige
210	10,53	10,53	
200	1	1	

### 2.2.2.3 Mål for økonomiplanperioden

#### Faglege målsetjingar og strategiar:

##### 1. Oppgradera IKT-struktur i Ulvik herad

Fokuset framover er fiberutvikling i Ulvik. Ulvik har fått 7,5 millionar av Fylkeskommunen til fiberutvikling, og arbeidet har pågått over fleire år. Mesteparten av arbeidet er styrt av

Fylkeskommunen og kva planar utbyggjarane har, men Ulvik herad held dialogen med partane.

Det er stor auke i digitale møte og behovet for møterom med digital infrastruktur er stort. Det er satt av investeringssum til ombygging av Sentrumsbygg/ny heradstyresal og oppgradering av IT-utstyr på møterom kultur. I tillegg skal det innførast struktur som muliggjer digital overføring av politiske møte. Dette arbeidet er viktig og vil ha fokus dei neste åra.

IKT-strukturen i barnehagen skal forbetra ved tilkopling til fiber når nettverket er utbygd i området. Det same gjeld Gili og Elvatun.

Digital struktur innan VA er eit samarbeid mellom kommunane Ulvik, Eidfjord og Granvin. Det er behov for å forbetra dette og det vil vera eit viktig arbeid i neste økonomiplanperiode.

Det er mål om å gå frå fasttelefoner og telefonsentral og over til mobilt sentralbord. I tillegg vil me innføra Teams som ein kommunikasjonsplattform.

Det er overgang frå harddiskar til laptopar. Det skal destruerast gamle harddiskar for å sikra miljømessig handtering av digitalt avfall.

Innan IKT-struktur er følgjande ferdigstilt:

- Det er gjennomført ei oppgradering av trådlaus infrastruktur i både kommunale bygg og ute i det offentlege rom i Ulvik, så det er sluttført.
- Det virtuelle miljøet er oppdatert og backup av brannmur og liknande er på plass.
- Ny infrastruktur på turistkontoret
- Det er kjøpt inn og kopla opp betre UPS'ar (batterisystem) på sentral infrastruktur på Sentrumsbygget. Dette for at datalinjer og liknande er oppe og går ved straumbrot.

## 2. Digitalisera arbeidsprosesser i Ulvik herad

Det har vore gjort mykje godt arbeid innan digitalisering i Ulvik herad: Det er kome på plass elektronisk saksarkiv, utarbeidd digitale skjemaer, sikker digital post både til og frå heradet via SvarUt/Inn, rutinar for vedtaksoppfølging, etc.

Ny heimeside vart publisert 1. november 2021. Vidare arbeid innan dette feltet er å sikra at me har ei heimeside som alltid er oppdatert, gjennom å oppretta eiga redaksjonsgruppe. Vidare arbeid er å utvikla fleire digitale skjemaer til innbyggjarar, m.m.

Mesteparten av HMT-dokumenta er i papirform, dette skal digitaliserast. Det vil vera eit større arbeid å få alt over på digitale flater, men det er nødvendig for at alle tilsette skal ha lett tilgang til HMT-planar, retningsliner og skjemaer. Dette arbeidet vil pågå i 2022 og 2023.

Sakssystemet må jamleg oppgraderast, det er satt som plan at dette skal gjennomførast i 2023.

Digitalisering handlar om å bruke teknologi til å fornya, forenkla og forbetre. Det handlar om å tilby tenester som er enkle å brukha, effektive og pålitelige. Me må kontinuerleg utvikla fagkompetansen og halda oss oppdatert innan digitalisering slik at me kan:

- Ta gode avgjersler når det kjem til digitale behov både internt og eksternt.
- Auka kompetansen når det kjem til digital langtidsbevaring og tilgjengeleggjering.
- Fortsette arbeidet med å bygge inn nye og eksisterande rutinar og prosessar i våre digitale system

### 3. Intern opplæring av tilsette i fag- og sakssystem

Staben har ei rolle inn mot resten av organisasjonen i opplæring i sakshandsaming- og økonomisystem. Det er viktig at tilsette handterer dei digitale verktøya godt, og det blir difor jamleg arrangert kurs gjennom året.

Det er innført eit nytt verktøy for budsjettering, og eit nytt verktøy for rapportskriving for budsjett- og økonomiplan, pluss tertialrapportar. Det vert jobba for å få ein god struktur og få god kunnskap om bruk av desse systema.

### 4. Rullering og vedtak av planverk og retningsliner

Som tidlegare påpeika er det stort etterslep på planar på stabsområdet og dette er tidkrevjande prosessar. Det er viktig å involvera tilsette og interesserantar i prosessen slik at alle får eit eigarforhold til planen. På det viset sikrar ein at vedtatte planar vert nytta i praksis.

I 2022 er det fokus på å slutføra følgjande planar og retningsliner:

- Kompetanse- og rekrutteringsplan
- Reglement for Ulvik herad
- Etiske retningsliner
- Nytilsattmappe
- Nytilflyttarmappe
- Reiselivsstrategi for Ulvik herad

Me har slutført / revidert følgjande planverk og retningsliner dei siste 2 - 3 åra

- Temaplan for Kulturarv
- Strategisk Nærings- og utviklingsplan, SNU-plan
- Bevaring- og kassasjonsplan
- Retningsliner for konflikthandtering
- Revisjon varslingsreglar
- Lønspolitisk plan
- Beredskapsplan ved streik
- HMT-hovedbok: Alle skjemaer for personalarbeidet
- Delegasjonsreglementet
- Plan for turruter i Ulvik
- Retningsliner for epostkommunikasjon
- Overordna beredskapsplan for Ulvik herad
- Heilskapleg ROS for Ulvik
- Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

### 5. HMT

Me utarbeidar årleg ein overordna HMT-plan som blir vedtatt av AMU. Målet for 2022 er at kvar eining i tillegg skal ha ein HMT-plan med tiltak som er særskild relevante for dei.

Me har hatt fokus på å involvera verneombod og mellomleiarar meir i HMT-arbeid. Dette vil fortsatt vera fokus i 2022 og i økonomiplanperioden. Ein tek sikte på å ha 2 – 4 fagdagar i året for denne gruppa. I tillegg er det oppretta arbeidsmiljøgrupper i alle einingar der verneombod og

tillitsvalde deltek på drøftingar ilag med leiar.

Det vart innført nytt avvikssystem i januar 2021 og det er fokus på opplæring og at tilsette melder avvik. Avviksmeldingar er eit godt verktøy for å gjera oss betre.

Det er situasjonar der brukarar av kommunale tenester utøver vold, og me vil ha særskild fokus på å førebyggja dette, samt handtera dette på ein god måte når det oppstår. Det vil bli kurs i samarbeid med bedriftshelsetenesta på dette temaet.

Mesteparten av avvika som avdekkja i dataarbeidsplasskartlegginga i 2019 og 2020 er lukka. Me har ikkje fått løyst alle behov innan lystilhøve på kontor og arbeidsplass, men tek sikte på å dekka dette innafor rammene til HMT-fondet.

Me har fortsatt fokus på trimtiltak for tilsette og velferdstiltak som haustfest og julehelsing, me håper at Koronasituasjon tillet gjennomføring av dette i 2022 og framover.

Me skal fortsatt ha stort fokus på å halda sjukefråvær lågt og ha gode rutinar rundt oppfylgjing av sjukemeldte. Me kjem til å jobba meir med dei bransjespesifikke programma for barnehage og sjukeheimar i neste planperiode, og håper at desse programma kan vera gode verktøy.

## 6. Beredskap

Me vil jobba vidare med tiltakskort og ressursoversikt i 2022. Overordna beredskapsplan og Heilskapleg ROS er ferdigstilt og er gode verktøy i planlegging og opplæring. Me brukar ROS-verktøy på overordna og einingsnivå for å gjera gode vurderingar av risiko og sårbarhet. Det viktig at me brukar verktøyet aktivt gjennom året. Det er viktig at alle einingar har gode planar, rutinar og kunnskap om beredskap i si eining og drift, det vil vera eit viktig arbeidsfelt i neste økonomiplanperiode.

Kommunikasjonsverktøyet CIM er innført og tatt i bruk og var eit viktig verktøy under pandemien. Opplæring og jamleg bruk vil stå sentralt framover.

Det er kjøpt inn nye satellitt-telefoner og antenner, og det er lagt inn jamleg testing av desse.

Me har kjøpt inn befolkningsvarslingssystem til bruk i beredskapsamanheng. I tillegg tilbyr leverandøren no "lokasjonsvarsling", det vil seia at me kan nå alle personar med mobilar i eit geografisk område. Me vurderer dette som eit nyttig kommunikasjonsverktøy i ein krisesituasjon og tek sikte på å innføra det.

Me deltek på møter og samlingar i regi av Statsforvaltaren, dette er ein viktig arena for beredskapsarbeidet i kommunen.

Det var etablert eit regionalt forum for beredskapsarbeid for kommunane Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Voss før pandemien. Under pandemien opphørte denne møteplassen. Det må vera eit mål å få dette nettverket vitalisert i løpet av økonomiplanperioden.

## 7. Kultur

Kinoen har visningars kvar søndag. Me håper at 2022 blir eit meir normalår for Kino-Norge. Grunna nedstenging og Covid 19 har utfordringa i 2020 og 2021 vore at fleire kinofilmar har gått på streamingkanalar og dei aller fleste større kinofilmar frå Hollywood er utsatt. I snitt er det kring 20 personar personar på kvar film. Barnefilmar, norske filmar, samt blockbusters er det som trekkjer

flest besøkjande. Vi har gratis filmframvising for barnefamiliar på 17. mai, og familiefilm på julegataopning er ein sikker suksess. Kinoen har òg skulefilmframvisning, som vert finansiert gjennom Den kulturelle skulesekken. Kinoutstyret er gammalt og det vil vera behov for å fornya dette i løpet av økonomiplanperioden. Estimert kostnad for nytt kinoutstyr er kr. 450.000 - 500.000.

Det vert årleg gjennomført fleire arrangement i lokal regi innafor ordninga Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken. Tilskotet frå fylkeskommune til Den kulturelle skulesekken vart vesentleg redusert i 2021, frå ca. kr. 28.000 til 17.000. Her går heradet inn med same beløp. Den kulturelle spaserstokken får ca. kr 38 000 i tilskot frå fylket. Me får til mange fine arrangement av desse midlane.

Tilskotsordningane kulturmidlar, kulturvernmidlar, kulturpris vert handsama på vårparten. Tilskot til ulike arrangement/kulturaktivitetar vert handsama fortløpande.

I tillegg er det handsaming av årleg søknadar til næringsfondet og utbetaling av årlege tilskot.

Me handterer spelemiddelsøknader kvart år, og har godt samarbeid med fylket på dette.

Dagsturhytta vart opna i 2021, og me håper at dette vert ein god møteplass for turgårar framover. Ulvik turlag skal ha tilsyn med hytta.

Biblioteket har planar om samarbeid med fylkesbiblioteket, dei andre biblioteka i regionen og Haugesenteret. Det er fokus på biblioteket som samlingsstad for opplesing, debattering og kunnskapsformidling, det er difor lagt inn ein investeringssum på mobile bokhyller slik at lokalet vert meir tilpassa arrangement. Det er fokus på å ha eit godt samarbeid med barnehage og skule for å gjera bilbioteket til ein god stad for born og unge.

## 8. Næring, reiseliv og bukommune

Ulvik herad tok over drifta av turistinformasjonen januar 2021, og det vil fortsat vera fokus på å få ei god drift her framover. Samarbeidet med Ulvik næringslag er viktig og me vil bruka tid på det. Ulvik næringslag er bindeleddet inn mot næringslivet i Ulvik.

Næringssjef vil rådgje næringsaktørar i støtteordningar som fins, og vera behjelpeleg med kurs og informasjonsmøte for næringsdrivande.

Det er viktig med eit regional fokus og samarbeid med regionale aktørar som Visit Hardangerfjord, næringshagane i Hardanger, Visit Voss, andre turistkontor i Hardanger- og Bergensregionen.

Cittaslow-arbeidet i Ulvik er viktig og me vil jobba vidare med synleggjering i 2022 og dei neste åra.

Bruken av næringsfondet er basert på politiske vedtak og avtaler som er gjort. I tillegg er det henta tiltak frå Strategisk nærings- og utviklingsplan:

1. Reiselivsstrategi for Ulvik, starta i 2021/2022
2. Innbyggjarrekrytering/tilflytting
3. Samarbeid med regional aktørar
4. Stimerking og rydding
5. Sentrumsutvikling

Prosjekt for sentrumsutvikling, i tråd med tiltak 3 i snu-planen, er starta opp som eit fellesprosjekt

med folkehelse. Det er fatta vedtak om oppstart av utvikling av Promenadeområdet til båthamn del 2. Det pågår utgreiing av grunnen i Promenade-området. Dette prosjektet vil ha fokus også i 2022.

#### 2.2.2.4 Tenesteproduksjon

##### IT

Det er lagt inn auke på personalressurs innan IT då me er midt inne i ei storstilt digitalisering i kommunen. Vidare er det behov for å auka fokus på IKT-tryggleik. Presset på IKT-trykkleiken i kommunane har auka dei siste åra og me må vera i forkant med gode trykkleikstiltak. Me tek sikte på fellestilsetjing i lag med Eidfjord, der Ulvik eig 40 % av stillinga.

##### Næring

Ulvik har i 2020 og 2021 fått tilført mykje midlar til koronatiltak, noko som er svært positivt. Det er uklart kor lenge slike midlar vil verta overført frå Staten, men dette inneber ein del ekstra arbeid.

Det har vore godt kontakt med Næringshagane på Voss og i Hardanger, dette har resultert i fleire nye utviklingsprosjekt, moglege etableringar og faste kontordag i Ulvik. Dette samarbeidet er viktig framover

Arbeidet med merking og rydding av turstiar vert vidareført og er ei viktig satsing for Ulvik.

Cittaslowrådet har jamlege møte og er ein viktig samarbeidsorgan i Cittaslow-arbeidet.

##### Politisk

Stab har ein samordningsfunksjon for politisk aktivitet og har ansvar for innkalling, referat og anna arbeid kring den politiske aktiviteten. Det er laga eit oppsett for politisk rekneskap og dette er viktig å ha fokus på og vidareutvikla dei neste åra.

##### Økonomi

Det er stort fokus på å få gode digitale hjelpemiddel innan økonomifeltet. Det er innført nye verktøy for budsjettering og rapportskriving (Årsmelding, budsjett- og Økonomiplan, tertialrapport). Me skal jobba vidare i økonomiplanperioden med sjå på optimalisering av løns- og rekneskapssystemet, eventuelt bytte av leverandør. Det kan vera aktuelt å kjøpa inn nokre modular for å rasjonalisera arbeid og skaffa oss betre oversikt over dei økonomiske føringane. Me har starta prosessen med å gjennomgå Kostra-standardar og fordeling av kostnad på ulike kategoriar, dette arbeidet vil ha fokus i økonomiplanperioden.

##### Praksispllass

Tenestetorget har hatt fleire personar i arbeidspraksis gjennom Nav og dette er eit viktig arbeid som me fortsatt vil ha fokus på framover.

##### Skulefagleg rådgjevar

Er slutta og oppgåvene er over ført til oppvekstsektoren.

##### Finse Forum

Ulvik herad har sekretariatsfunksjon for Finse Forum, der aktørar med ulike Finse-interesser møtest.

### **Hardanger Kulturråd**

#### **Hardanger Kulturråd**

Rådet arbeider med kultursaker og tildeler regionale kulturmidlar. Det vert lagt vekt på at kulturtiltaka fremjar samhald, samhandling, næringsutvikling og styrkjer Hardangerkjensla. Rådet er eit rådgjevande organ i kultursaker i høve regionsrådet Hardangerrådet. Kommunesamanslåing og ny kommunestruktur har medverka til få møter og endring i korleis kommunane arbeider med kultur..

#### **Vigsel**

Ulvik herad tilbyr vigsel i Ulvik, og vigselslokalet er på Haugesenteret. I tillegg kjem det førespurnader om vigsel på andre lokasjoner i Ulvik som Finse, og andre stadar.

#### **Ungdomsråd**

Ulvik ungdomsråd har medlemer frå grunnskulen og vidaregåande skule. Ungdomsarbeidaren har ei viktig rolle for å engasjera ungdomane i aktuelle politiske saker. I tillegg deltek leiar (+vara av og til) i Hardanger Ungdomsråd.

#### **Tv-aksjonen**

Dette er ein årleg innsamlingsaksjon som Ulvik herad har ansvar for å organisera.

#### **17. mai**

Ulvik herad initierer og set i gang 17. mai komiteen, og har i tillegg oversikt over økonomiske disposisjonar.

### **2.2.3 Internkontroll og tilsyn**

#### **Internkontroll**

##### **Arkivplan:**

Heradet har ein oppdatert nettbasert arkivplan som del av vår internkontroll for dokumentasjonsbehandling. Arkivplanen er tilgjengeleg for både interne og eksterne brukarar. Arkivplanen gjev bindande retningslinjer for behandling av all informasjon og dokumentasjon i heradet. Arkivlova med føresegner ligg til grunn for prosess- og rutineskildringar.

##### **Personvern, GDPR:**

Desember 2020 gjekk heradet til innkjøp av GDPR-systemet DraftIt.

Heradet kjøper personvernombodsteneste av Kvam. I 2020 har alle tenesteområda, saman med personvern ombodet, laga behandlingsprotokollar jf. lovkrav i personopplysningslova.

##### **Vedtaksoppfølging:**

Politisk sekretariat implementerte vedtaksoppfølging i sakssystemet rundt sommaren. Slik kan ein enkelt hente ut status for politisk vedtekne saker. Sakshandsamarane og leiarane har fått eigne korgar i sakssystemet som inneheld politisk vedtekne saker. Når sakene er effektuert endrar

sakshandsamar sjølv status.

Avvikssystem, Compilo:

Mot slutten av 2020 implementerte vi avvikssystem med informasjon, kursing og opplæring i heradet.

- ALLE tilsette har tilgang
- Alle tilsette kan følge status på sine innmeldte avvik.
- Leiarane gjer avvikshandteringa her
- Leiarane hentar ut rapportar og statistikk
- Verneomboda har lesertilgang på avvik meldt inn i kategorien HMT

Jamleg opplæring:

Tenestetorget held verkstadar i sakssystemet ca. kvar 6. veke

### 3 Barnehage (220)

#### 3.1 Tenesteproduksjon

##### 3.1.1 Innleiing

Ulvik barnehage

###### Ein god barndom varer i generasjonar.

- Ulvik barnehage er ein god barnehage, men er i endring. Barnehage er det fyrste steget i utdanningslaupet. Dei siste åra har vi hatt mindre endringar i barnetalet, men det ser ut til at barnetalet no går noko ned i Ulvik. Likevel har vi per november 2021, 48 barn i barnehagen. 29 barn er øve 3 år og 19 barn er under 3 år. Barn under 3 år, tel to barnehageplassar. Difor er det per november 58 plassar i bruk i Ulvik barnehage.

- Ulvik barnehage har også spesialpedagogiske tenester.

- Utan å ta med eventuelle nye søkerar, vil det slik det ser ut i dag, verte 36 barn fordelt på 49 plassar i Ulvik barnehage i august 2022, men dette er vanskeleg å seie avdi søknadsfristen for å søkja barnehageplass for 2022/23 er 1.mars 2022.

Det har vore lite tilvekst i barnetalet tidlegare år også. Likevel har dei fire avdelingane bortimot vorte fulle gjennom barnehageåret. Her handlar det om tilflyttarar med trøng for barnehageplass. Det er vanskeleg å seie kor mange nye søkerar det kjem til hausten 2022. Søknadsfristen her er 1 mars 2022. Vi har erfaring med at det ofte kjem tilflyttarar med trøng for barnehageplass.

Vi må våge å ha trua på tilvekst i Ulvik barnehage. Ut i frå erfaring frå tidlegare år, der tal barn i oppstarten i august har vore låg, har det gjennom barnehageåret likevel vorte bortimot fulle avdelingar frå januar og framover.

- § 3-1. Kommunens og barneverntjenestens forebyggende virksomhet Kommunen skal fremme gode oppvekstvilkår gjennom tiltak for å forebygge at barn og unge utsettes for omsorgssvikt eller utvikler atferdsvansker. Kommunen skal sørge for å samordne sitt tjenestetilbud til barn og familiær

Utifrå den nye oppvekstreformen er det er forsvarleg å oppretthalda fire avdelingar frå august 2021. Dersom barnetalet i august vert akkurat slik det ser ut per november 2021, vil vi få ei slik fordeling på avdelingane: 11 og 12 barn på dei to store avdelingane og 7 og 6 barn på dei to små avdelingane. Ved å oppretthalda dei fire avdelingane vil vi ha ei stabil personalgruppe og stå godt rusta og klare til å ta imot eventuelle nye søkerar. Dette betyr at me vil leggja over norm for bemanning, men det vil også gjera Ulvik barnehage til ein forutsigbar arbeidsplass og det bidreg til å skape eit godt omdøme av Ulvik barnehage. Vidare kan det også føre til ny tilvekst i heradet. Eg er optimist og har trua på ny tilvekst.

Sjølv om barnehagen si tenesteproduksjon og drift i utgangspunktet er i samsvar med lov om barnehage og tilhøyrande regelverk fekk vi ikkje tilsett ny barnehagelærar då vi lyste etter dette til barnehageåret 2021/22. Grunna dette er ein fagarbeidar konstituert barnehagelærar barnehageåret 2021/22.

Det er slik at teori og praksis ikkje alltid går ihop med tanke på fordeling av barn og personale ut i avdelingane. Vi har trøng for 3 100% stillingar i kvar avdeling for å ivareta opetida og ha nok personal til å dekkje denne og andre lovpålagte oppgåver der til dømes pedagogane vert trekt ut av avdelinga for bunden/ubunden plantid og ulike møte. Tillitsvalde og verneombod vert også trekt ut av avdelinga for ulikt arbeid og møteverksemd. Vår barnehage er bygd som ein avdelingsbarnehage og dette syner nyare forskning er til bornas beste. Kvar avdeling har ei opetid frå 07.30-16.30. Ein avdeling har opetid frå 07.15 - 16.30. Dette er for å imøtekoma pendlarar og andre som har trøng for ei tidlegare oppstart om morgonen.

Vi har ei grunnbemanning på tre tilsette i 100% stillingar på kvar avdeling. Dette er for å dekkje opp ei opetid på 9 t og 15 min. Alle pedagogar har minimum 4 timer lovpålagt tid til planlegging i veka. Dette er tid pedagogane ikkje er i avdeling. Vi har gjeve assistent/fagarbeidar 1 time til fagoppdatering og planlegging i veka, dette er ikkje lovpålagt, men naudsynt.

### **3.1.2 Økonomisk oversikt og mål for planperioden**

#### **3.1.2.1 Økonomi**

##### **Driftsbudsjett per eining 2022 HST**

Beskrivelse	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
<b>220 Barnehage</b>						
Inntekt	-2 627 000	-1 817 000	-1 719 000	-1 719 000	-1 719 000	-1 719 000
Utgift	12 288 000	10 565 000	10 466 000	10 065 000	10 065 000	10 115 000
Netto	9 661 000	8 748 000	8 747 000	8 347 000	8 347 000	8 397 000

- I barnehageåret 2021/22 har det oppstått behov for spesialpedagog i 20%. Dette er eit behov som vil vedvare ut økonomiperioden. I budsjettet er ein kvalifisert personal frikjøpt for å fylla denne stillinga. Frikjøpinga vert erstatta av vikar.
- Det vil også i 2022 og åra vidare vere stort behov for spesialpedagogisk arbeid i barnehagen. Spesialpedagogisk arbeid i barnehagen er også noko UDIR etterspør.
- Barnehagen vil ha behov for ekstraressurs 100% frå 01.01.2022 - 11.07. 2022. Dette er lagt inn i budsjettet.
- Barnehagen har utfordringar med reduserte inntekter som følgje av statleg utvida ordning med gratis kjernetid. Ordninga har ikkje tilført kommunane ekstra løyvingar og vert difor ein ekstra belastning på økonomien i kommunane.
- I perioden 2020-2021 har vikarbruken vore høgare enn normalt grunna pandemien. Pandemien ser det ut til at me også tek me oss inn i 2022, men det budsjetterast med normal vikarbruk i budsjettperioden. Meirkostnadene har me ei forventning om å få kompensert frå staten, som i 2020-2021.

## Investeringsoversikt per ansvar 2022-2025

Beskrivelse	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
220 Barnehage						
220 Barnehage						
4430 Inventar barnehage 2019	0	635 000	0	0	0	0
220 Barnehage						
220 Barnehage						
4503 Investeringar barnehagen 2022-2025	0	0	875 000	200 000	200 000	200 000

### 3.1.2.2 Årsverk

#### Årsverk

Ansvar	Totalt antall årsverk	Faste	Midlertidige
2 010	13,38	12,80	0,58
2 110	1,20	1,20	

Me legg vekt på ei fleksibel organisering av barnegrupper, men heile tida med føremål om at det skal vera til bornas beste.

Eit kalenderår omfattar to halve "barnehageår".

Våren 2021 opna me ein femte avdeling i barnehagen. Dette grunna behov for fleire barnehageplassar og det var ikkje tilstrekkeleg plass i dei fire avdelingane. Den femte avdelinga vart avvikla hausten 2021 då 15 barn gjekk over i grunnskulen.

### 3.1.2.3 Mål for økonomiplanperioden

1. Eit trygt psykososialt barnehagemiljø.

Ny Lov om barnehage som omhandlar psykososialt barnehagemiljø med nulltoleranse for krenking og førebyggjande arbeid, har styrka fokus på eit trygt psykososialt miljø for borna i barnehagen. Dette krev ny og oppdatert kompetanse i personalet. Heile personalgruppa er deltakarar i kompetanseutviklingsprogrammet "Inkluderande barnehagemiljø", via Høgskulen Innlandet. Det er eit omfattande program som skal gå over 2,5 - 4 år, og legg beslag på det mykje av felles planleggingstid i personalgruppa framover. Det er laga ein førebels "Handlingsplan for å skapa eit godt psykososialt barnehagemiljø i Ulvik barnehage". Målet er null toleranse for mobbing og krenking i barnehagen. Det målbare er innrapportering av mobbe/kenke tilfeller og synleggjering av korleis ein jobbar systematisk med rapporterte tilfeller.

## 2. Å gjere borna kjende med klima og berekraft.

Dette er viktige moment i dagens samfunn og barnehagen skal spegla det samfunnet vi lever i. Dette er også teke med i rammeplan for innhaldet i og oppgåvane til barnehagen. Under fagområdet Natur, miljø og teknologi går det fram at barnehagen mellom anna skal bidra til at borna får opplevelingar og erfaringar i naturen som kan fremja ei gryande forståing for naturens eigenart og bornas vilje til å verne om naturressursane, bevare biologisk mangfald og bidra til ei berekraftig utvikling. Borna skal også oppleve naturen som arena for leik og læring og det skal leggjast til rette for at dei vert nyfikne på naturvitenskaplege fenomen og opplever tilhøyrsla til naturen også lokalt. I forhold til dette har barnehagen eit 9 år langt samarbeidsprosjekt saman med Ulvik Sportsfiskar lag. Her er sjøauren i elva Gauro temaet. Det målbare her er tilhøyrsla borna har til sjøauren og Gauro. Dette kan også målast i entusiasmen som vert synt ved den årlege kveld sjøauresafarien i oktober månad. Her er foreldre og andre invitert med. Arbeidet her er også innanfor fleire av FN sine 17 berekraftsmål. I 2022 har vi 10 årsjubileum for dette samarbeidet. Dette vil vi markere og synleggjere.

## 3. Synleg trivsel og inkludering i barnehagen.

Dei tilsette jobbar svært godt med alle dei 7 fagområda i rammeplanen. Men det meste av dette arbeidet er vanskeleg å måle, men årleg har vi foreldreundersøking om trivnaden i barnehagen og 5-åringane har ein trivnadundersøking kvar vår. Utover dette er medverknad frå borna og foreldre noko ein jobbar kontinuerleg med.

Den pedagogiske tilnærminga til dei 7 fagområda er integrerte og samanvovne.

Barnehagekvarden vert i liten grad splitta opp i faginndelte aktivitetar. Det pedagogiske arbeidet er prega av eit barnesentrert perspektiv. Det pedagogiske arbeidet med barna skjer både i det planlagde og strukturerte og i det spontane. Barna møter fagområda mellom anna gjennom leikbaserte aktivitetar, som både er planlagde og ikkje planlagde. Leiken er den viktigaste arenaen i barnas oppvekst og utvikling. Det pedagogiske arbeidet i barnehagen legg stor vekt på leiken sin verdi for barna.

Leiken er barna sin eigen konstruksjon og tilnærming og forståing av livet og det som skjer kring barnet. Det er gjennom leiken borna lærer seg sjølv å kjenne og det er gjennom leiken barnet for ei gryande forståing av livet og det som skjer kring barnet. Gjennom leiken skapar, opplever og utøver barnet komplisert sosialt samspel. Det er her det kommunikative samspelet skjer. Den frie leiken er lystbetont og har sitt utspring i barnet sjølv. Barnet har ei aktiv rolle i leiken. Leiken er middelet barnet brukar for å styrke og opprette nytt sosialt fellesskap. Det er også her barnet skapar nye relasjonar og ivaretak etablerte venskap. Det er gjennom leiken det kommunikative føregår. Det er her barnet set ord på kva dei gjere samstundes som dei øver seg, mellom anna i det sosiale fellesskapet, ta og gje, vente på tur, innordne seg eigne leikereglar som også er arbeidd fram i fellesskapet med andre barn.

Personalelet har ein aktiv rolle i leiken til barna. Personalelet må til ei kvar tid vite korleis leiken utviklar seg. Er det nokon barn som ikkje får vere med, vert ekskludert? Er det nokon barn som har mindre statusroller i leiken, som til dømes alltid må vere hund eller katt? Er dette dei same barna? Personalelet må vite korleis dei utviklar leiken når den er i ferd med å stoppe opp og dei må vite korleis ein kan innlemma andre barne i leiken. Er det barn som ikkje er populære å ha med i

leiken? Her kjem kompetansen til personalet fram. Vi må heile tida vite korleis vi skal introdusere nye barn i leik og korleis oppøve leikegrupper til å halda på leiken sin over tid. Personalet må og så sjå kva barna er intereserte i og kva som rører seg i barnekulturen akkurat no. Slik kan ein personal vere med å utvikle og berike ny leik.

Læring gjennom leik er ikkje barnets eigen konstruksjon og difor vert barnet på sidelinja her. Ein kan få barnet med i desse læringsleikane, men det vert alltid på personalet sine premissar. Barnet opplever ikkje at dette er leik i den form som barnet sjølv meiner er leik.

Dette arbeidet er vanskeleg å måle, men synleg trivnad og inkludering er eit mål.

Kompetanseutvikling og rettleiing er viktig for å oppnå dette.

#### 4. Ein fleksibel barnehage med rullering av personale mellom avdelingane.

Intensjonen her er å skapa eit inkluderande arbeidsmiljø for alle og det bidreg til ei fagleg utvikling for heile personalgruppa. Det målbare her vil vera trivnad undersøking på arbeidsstaden.

##### 3.1.2.4 Tenesteproduksjon

- Kostnadane for barnehagedrifta har gått opp. Dette grunna skifte av styrar. Redusert barnetal, spesialpedagog og auke av kursmiddlar for kompetanseheving.
- Mellom anna er det trong for tre nye pc. Dette for å ha ei planlagd utskifting av eldre pc og for å sikre at fagarbeidar/assistent har tilgang til ein pc pr avdeling. På sikt er det eit mål at heile personalgruppa skal ha tilgang til eigen pc. Tilgang til mellom anna fagstoff, skuleringsprogram og UDIR sine mål, krav og kompetansehevande materiale ligg på nett. Det er eit mål at alle tilsette skal ha god tilgang til dette. Pc er i dag eit naudssynt arbeidsredskap for alle. Det er også stor trong for oppgradering av fagbøker.

Uteområdet i Ulvik barnehage ber preg av stor slitasje. I forhold til dette har vi eit samarbeid med fysioterapeut Stine Øvsthus og prosjektet leik og le. Vidare har det vore synfaring på uteområdet i barnehagen der fysioterapeut, ergoterapeut, teknisk og representant for barnehagen var med. I forhold til dette er det lagt opp til ei langsiktig oppgradering av uteområdet.

I 2022 er det lagt opp til ei investering på 875 000 kr. Dette omfattar leikeapparat, lite leikeapparat, overbygg (skjerm for sol og regn), benkar og utedømøblar, oppussing av eksisterande leikeapparat, anleggsarbeid knytt til utbetring av uteområdet, plattng til lavvo, støygjerde, og kunstnerisk utsmykking (måling).

Vidare er det lagt opp til nye investeringar på kr 200 000 pr år for 2023, 2024 og 2025.

Det vert vurdert frå og med 2023 å bruka 40% av styrarstillinga i drifta. Det er då tenkt at styrar skal vere i avdeling tilsvarande 40%.

Det er styrar si oppgåve å sørga for at lov om barnehagar (barnehagelova) vert stetta. I §1 om barnehagen sitt føremål går det mellom anna fram at barnehagen, i samarbeid med heimen skal

ivareta borna sine behov for omsorg og leik, og fremja læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Om barnehagen sitt samfunnsmandat er det ei skjerpa presisering av kravet til samarbeid mellom barnehage og heim. Det er fastsett nasjonale standardar for innhaldet i barnehagen. Det vert her gjort greie for kva eit barnehagetilbod skal omfatte og det skal bidra til at alle barn får eit likeverdig tilbod - uavhengig av kvar dei bur. Standarden fortel også foreldra kva dei kan forventa i barnehagen.

Dersom ein ser føre seg ei reduksjon i tal avdelingar i barnehagen vil dette sjå slik ut:

Me vil få to store avdelingar med 15 og 16 barn i kvar avdeling. Me har då ledig kapasitet på 5 barn fordelt på dei to store avdelingane. Vidare vil me få éin småbarnsavdeling med 5 barn. Men barn under 3 år tel for to barn slik at det då er 10 plassar på småbarnsavdeling. Det er då ledig kapasitet på 4 barn under 3 år. Konsekvensen av å gå for 3 avdelingar er at me ikkje står godt rusta til å ta imot eventuelle nye søkjarar. Søknadsfristen for barnehageåret 2022/23 er 1.mars 2022. Me har erfaring med at det kjem tilflyttarar som har trong for barnehageplass. Ein annan konsekvens er at barnehagen ikkje vert ei føreseileg verksemrd. Dette kan føre til forringa kvalitet i verksemda. Det kan også påverka omdømet til Ulvik barnehage. Me har hatt redusert drift tidlegare ved oppstart i august. Så har det synt seg over jul at me må auke opp att bemannninga. Dette gjev ein uheldig "jojo"-effekt og det vert vanskeleg å få tak i kvalifisert personale til stillingar. Det vert heller ikkje attraktivt å jobbe i Ulvik barnehage dersom det er knytt usikkerheit til stillingane.

Våren 2021 vart det oppretta ei femte avdeling i barnehagen. Årsaka var at det kom fleire nye born i barnehagen og det var ikkje tilstrekkeleg plass i avdelingane. Den femte avdelinga vart avvikla frå hausten 2021 då 14 barn gjekk over i grunnskulen.

### 3.1.3 Internkontroll og tilsyn

#### 1. Tilsyn

Barnehagen hadde branntilsyn hausten 2021. Her var ingen avvik

Barnehagen er ikkje godkjend etter lov om miljøretta helsevern. Dette er ein pågåande prosess å få på plass.

2. I 2025 er det lagt opp til ekstern barnehagevurdering i regi av Hardanger/Voss kompetanseregion. Kostnad for to eksterne til å utføra dette er kostnadsrekna til 50 000. Kostnaden er lagt inn i økonomiplanen.

Ekstern barnehagevurdering er opprinnleieleg utvikla i Hardanger/Voss og har vore nytta i vår region sidan 2001 for skular og sidan 2007 for barnehagar. Metodikken har vorte vidareutvikla på nasjonalt nivå, og Udir har valt metoden som eit av verktya for kvalitetsutvikling i barnehagar og skular. Metodikken har vore nytta i nokon av dei nasjonale sasingane på skule- og barnehageutvikling, saman med Ståstadanalyse for barnehage og skule, og organisasjonsanalysen i perioden 2006-2020 (kunnskapåsløftet- fra ord til handling, veilederkorpset og oppfølgingsordninga mfl). Hardanger/Voss har frå 2019 valt å utvida arbeidet med ekstern vurdering til å omfatta rettleiing i arbeidet med kvalitetsutvikling i barnehagar og skular etter ekstern vurdering, og har inngått ssamarbeidsavtale med Høgskulen på Vestlandet om regional

ordning for kompetanseutvikling. Regional ordning for kompetanseutvikling skal bidra til at barnehagane utviklar sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling. Ordninga er eit av fleire verkemiddel som skal sikra at barn får eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet. Det er styrar i barnehage som er ansvarleg for at dette skjer.

## 4 Undervisning (230)

### 4.1 Tenesteproduksjon

#### 4.1.1 Økonomisk oversikt og mål for planperioden

##### 4.1.1.1 Økonomi

###### Driftsbudsjett per eining 2022 HST

Beskrivelse	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
230 Undervisning						
Inntekt	-4 114 000	-1 688 000	-2 098 000	-2 098 000	-2 098 000	-2 098 000
Utgift	23 986 000	25 852 000	28 268 000	27 726 000	27 726 000	27 726 000
Netto	19 872 000	24 164 000	26 171 000	25 628 000	25 628 000	25 628 000

###### Investeringsbudsjett:

	2022	2023	2024	2025
Inventar	300 000	300 000	300 000	300 000
IKT	300 000	300 000	300 000	300 000
Uteområdet	300 000	300 000	300 000	300 000
Nye læremiddel i tråd med nye fagplanar frå 2020	200 000	200 000	200 000	200 000

Frå hausten 2020 kom det nye læreplanar i alle fag. Skulen er i prosess med å byta ut læreverka sine. Pga. forseinkingar hjå forlaga, har me berre fått erstatta lærebøker i somme fag og klassar. Det ser ut til at me kan effektuera resten i 2022. Kostnaden vert vidareført i heile økonomiplanperioden. Midlar til lærebøker er teke ut av driftsbudsjettet og lagt til investeringsbudsjettet til denne prosessen er ferdig.

Det er nødvendig å oppgradera inventaret i klasseromma og fellesareala på skulen. Til dette treng eininga ei årleg løyving på 300 000 NOK, fram til oppgraderinga er slutført. Dette er me i prosess med.

Uteområdet er ikkje eininga sitt ansvar, men det er viktig å synleggjera ressursbehovet. Det har vore arbeidd med plan for uteområdet, i prosess med dei tilsette, elevar og foreldre, samt kultur- og idrettsavdelinga på fylket. Første trinn i denne planen var å skifta ut ballbingen. Dette vart gjennomført i 2020. Andre trinn var aktivitetsløypa. Denne er ikkje heilt ferdig, men kan brukast slik den står. Det vil verta skifta dekke på aktivitetsløypa til våren 2022. FAU har fått 150 000 NOK hjå Sparebankstiftinga til bord og benkar. Saman med dei kommunale avsetjingane og spelemidlar, har me ei fullfinansiering på plass. Neste steg i arbeidet med uteområdet er ein klatresentral. Me

ynskjer også å få på plass litt meir tre/buskar og laga nokre område der borna kan driva med litt rolegare aktivitetar. Dette arbeidet vil verta styrt av eining for plan, teknikk og eigedom.

IKT er eit viktig satsingsområde, både nasjonalt – i dei nye læreplanane, men og lokalt. Det er kome interaktive skjermar på alle klasserom. Elev- og lærar PC-ar, samt ladeskåp og anna utstyr treng å verta fornya med jamne mellomrom. Alle innkjøp av IKT-utstyr vert gjort av IT-ansvarleg.

### Investeringsoversikt per ansvar 2022-2025

Beskrivelse	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
230 Undervisning						
230 Undervisning	877 000	2 350 000	0	0	0	0
2105 IKT skule						
230 Undervisning						
230 Undervisning	0	-250 000	0	0	0	0
4444 Kommunale bygg 2020						
230 Undervisning						
230 Undervisning	674 000	0	0	0	0	0
4447 Uteområde undervisning						
230 Undervisning						
230 Undervisning	49 000	0	0	0	0	0
4448 Læremiddel skule 2020						
230 Undervisning						
230 Undervisning	0	0	1 100 000	1 100 000	1 100 000	1 100 000
4513 Investeringsplan IKT skulen 2022- 2025						

#### 4.1.1.2Årsverk

##### Årsverk

Ansvar	Totalt antall årsverk	Faste	Midlertidige

230	2 020	24,65	1,3
230	2 150	2,40	
230	2 310	0,40	
230	3 830	1,43	
230	2 131		Kjøper tenesta i Voss herad

Skuleåret 2018 - 2019 var Brakanes skule 8-delt. Skuleåret 2019-2020 var skulen 9-delt. Brakanes skule starta i januar 2021 med fulldeling (10-delning).

Elevtalet første halvdel i 2020 var på 125 elevar. Frå hausten 2020 gjekk elevtalet ned til 115 elevar. Frå hausten 2021 er elevtalet 123.

Brakanes skule femner om: Grunnskuleopplæring (2020), Skulefritidsordning (2150), Kulturskulen (3830), Aktivitetstilbod for born og unge (2310) og Vaksenopplæring (2130).

Me leverer også tenester innanfor PPT/spesialundervisning (2021) og Skuleskyss (2221).

Brakanes skule har i 2021 hatt 18,48 pedagogiske årsverk. I tillegg har me innan tenesteområdet 2020 (grunnskuleopplæring) 2,5 assistentårsverk, IKT-medarbeidar i 0,4 årsverk, sekretær i 0,375 årsverk og fagarbeidrar i 1 årsverk, med refusjon frå Nav i 0,66 årsverk. Me har også 0,20 årsverk frikjøp lokallagsleiar Utdanningsforbundet. Leiressursen er framleis på 1,6 årsverk (kommunalsjef/rektor og ass rektor)..

Kulturskulen har i 2021 1,6 årsverk fordelt på 8 lærarar. Berre rektor og to lærarar er fast tilsette. Hausten 2021 har me 54 søkjrarar som nyttar 73 elevplassar. Denne hausten har me tilbod innan korps, blåseinstrument, gitar, bass, slagverk, band, piano, song, hardingfele, biletkunst, lyd/lys og dans. Drama kom ikkje i gang dette skuleåret, men me satsar på å ha det på plass att neste skuleår. Fast dirigent er ute i eitt års ulønna permisjon, og me har i dette tidsrommet inne vikar.

SFO har me drifta med 2,17 årsverk. Dette er inkludert konsulent i 0,8 årsverk. SFO er ope mellom 7.30 og 8.30 og mellom 14.10 og 16.30 kvar dag, med unntak av fredag – då er tilbodet frå 11.10 til 16.30. Dette året har det vore 24 born på heil plass, 3 born på redusert plass og 10 på fredagstilbod, totalt 37 born. Bemanning har vore 12 born pr. vaksen, i tillegg har nokre born med særskilte utfordringar hatt ekstra bemanning. Éin tilsett er fagansvarleg på SFO.

Tilbod innan vaksenopplæringa kjøper me frå Voss herad. Me har 5 kandidatar som får grunnskuleopplæring og 2 kandidatar som får norskopplæring med samfunnskunnskap ved Voss vaksenopplæring.

Ungdomsarbeidaren har hatt 40 % stilling til å drifta ungdomsklubben Ameron og til å vera koordinator for ungdomsrådet. Frå 2022 vert denne auka til 60%. Stillinga vil vera ei kombinasjonsstilling med ledig prosjektstilling som miljøterapeut og vil i ein periode vera finansiert av eksterne midlar.

#### 4.1.1.3Mål for økonomiplanperioden

##### GRUNNSKULEN:



**Mål 1:** Eit godt læringsmiljø har vore hovudsatsingsområdet i 3 semester. Heile lærarstaben har gjennomført eit digitalt kursopplegg i regi av Høgskulen i Innlandet. Målet har vore å vidareutvikla kollegiet sin kompetanse rundt eit godt læringsmiljø, med fråvær av mobbing og krenkingar.

**Status:** Kurset vart avslutta i juni 2020, men arbeidet har like høg prioritet framover. Me har jobba med god klasseleiing/læringsleiring i alle klassar, eit arbeid der me har fått støtte av PPT. Dei har vore inne som rettleiarar i to ulike systemsaker på skulen. Desse sakene er no avslutta. Me har jobba med fire §9a-saker skuleåret 2020-2021. Som ein viktig del av arbeidet med å skapa eit godt læringsmiljø, har me hatt auka fokus på det fysiske læringsmiljøet til elevane, orden og trivnad. På uteområdet har me fått ny ballbinge og ny aktivitetsløype. Klasseromma vil verta oppgraderte med nytt inventar etter kvart som det bygningsmessige tillet dette (tette tak og veggar).

**Mål 2:** Å skapa tilpassa og god læring som fører til betre læringsresultat, noko som vil visa att på nasjonale prøvar, kartleggingsprøvar og avsluttande grunnskulepoeng.

**Status:** Brakanes skule kom med i oppfølgingsordninga til UDIR frå hausten 2020. Dette varer i 3 år framover, og vil hjelpe skulen til å driva analysearbeid og setja inn gode og relevante tiltak for å auka læringsresultata. Som ein viktig del av dette arbeidet, skal skulen innføra det dynamiske observasjons- og kartleggingsverktyet Leselos, i samarbeid med Lesesenteret i Stavanger og fagavdelinga i Bergen kommune. Me har også fleire tilsette med i kompetanseheving (kompetanse for kvalitet) innanfor ulike spesialpedagogiske felt, m.a. utdanning innan logopedi. Brakanes skule får økonomisk støtte til dette arbeidet.

**Mål 3:** I elevundersøkinga skal elevane frå Ulvik mælda om gode arbeidsforhold, godt læringsmiljø, god motivasjon og støtte frå foreldre og tilsette, god medbestemming, forståeleg og støttande vurdering for læring

**Status:** Dei fleste elevane på Brakanes skule melder om at dei trivst godt på skulen og i klassen sin. Samstundes er det nokre som melder om at dei vert mobba. Dette skjer i klasserommet og ute i friminutta. Elevane meiner at dei vaksne på skulen har forventningar om at elevane skal vera greie med kvarandre og at dei reagerer dersom dei ikkje er det. Elevane melder også om at skulen agerer når dei oppdagar mobbing, men at det ikkje er alltid det hjelper.

Det kjem fram i undersøkinga at foreldre er interesserte i kva elevane gjer på skulen. Heimen gjev hjelp og støtte til lekser/skulearbeid. Mange foreldre har forventningar om at elevane gjer så godt dei kan på skulen. Fleire elevar seier at tilsette hjelper, støtter og bryr seg om elevane.

Motivasjonen til elevane er litt låg. Dei seier m.a. at dei ikkje liker skulearbeidet så godt. Det varierer ein del i dei ulike klassane kor viktig elevane synest skulearbeid er. Mange elevar er lite nøgde med arbeidsroa i klassen sin.

Når det gjeld læring, får skulen tilbakemelding på at elevane ynskjer meir praktiske arbeidsmåtar. Elevane ynskjer oftare tilbakemeldingar på skulearbeid som dei kan bruke til å forbetra seg i faga. Dei ynskjer også å få vera meir med å vurdera skulearbeidet sjølv, og koma med forslag til kva som skal vektleggjast i vurderinga.

Det fysiske læringsmiljøet er ikkje elevane så godt nøgde med. Dette gjeld skulebygget, uteområdet og toaletta.

**SFO:**



**Mål 1: SFO skal gje eit tilpassa og variert tilbod med leik og aktivitetar både inne og ute.**

**Status:** Om ettermiddagane har borna fått velja ein del aktivitetar sjølv. Hallen har me brukt litt. Elles er kafé og restaurant-leik populært, teikning, måling, fargelegging, klypping og liming. Etter at me opna opp att etter nasjonal nedstenging har me fått henta fram meir leiker og utstyr, som tidlegare vart sett vekk pga smittefaren.

I haust har me starta opp att som vanleg SFO, men med fokus på godt smittevern. Me held fram med hygienereglane. Me har vore mykje ute med leik og moro. Mange born på ettermiddag gjer at me prøver å dela oss opp litt. Me nyttar «stillerom» for dei eldste.

Fredagane har vore brukt til ulike aktivitetar. Me håpar å halda fram med små turar, aketurar, henta joletre i skogen, aktivitet i hallen, bruke bålpanna til pinnebrød, poppa popcorn og steike grønsaker slik me har gjort før.

**VAKSENOPPLÆRINGA:**

**Mål 1: Ulvik herad skal gje vaksenopplæring, med særleg vekt på norsk og samfunnskunnskap for vaksne minoritetsspråklege med rett og plikt til opplæring. Dette gjeld også retten vaksne – inkludert minoritetsspråklege – har til grunnskuleopplæring når dei ikkje har gjennomført grunnskulen tidlegare i livet.**

**Status:** Vaksenopplæringa i Ulvik har undervist innbyggjarar med rett og plikt i norsk og samfunnskunnskap, jf. Introduksjonslova. Den nye integreringslova gjeld for personar som har fått opphaldsløyve etter 1. januar 2021. Ulvik følgjer framleis Introduksjonslova frå 2003. Undervisninga har vore påvirka av Covid19, og digitale kunnskapar har fått eit løft. Aktuelle personar i målgruppa er på ulikt nivå og har ulike behov. Dette kjem me i møte med kjøp av plassar i nabokommunar.

Grunnskule for vaksne er ein rett den enkelte kan ha jf. følgjande vilkår:

1. Er over opplæringspliktig alder
2. Har ikkje rett til vidaregåande opplæring etter oppl. § 3-1
3. Har lovleg opphold i Noreg
4. Treng grunnskuleopplæring

Dei første 3 er absolutte krav, medan punkt 4 er ei skjønnsmessig vurdering, som må vurderast individuelt. Ulvik har 5 kandidatar som har fått innvilga grunnskule for vaksne. Me kjøper denne tenesta i Voss herad.

Me har også 2 kandidatar som får opplæring i norsk og samfunnskunnskap i Voss herad.

**KULTURSKULEN:**

**Mål 1: Å halda fram med å ha eit godt og variert tilbod i Kulturskulen**

**Status:** Også dette året vart prega av pandemien. Då smittebølga råka Ulvik, var me raskt ute med tilbod om digital undervising.

Me hadde ein god gjeng som deltok på den digitale UKM me skipa saman med grannekommunane

Voss og Eidfjord. Det var godt å få gjennomført noko. Denne sendinga vart sendt via avisa Hordaland sin nettportal i mai.

Det vart ikkje gjennomført 17.mai-tog dette året heller. Når det gjeld elevtal så nærmar me oss normalen att. At me no fekk i gang eit tilbod i dans, synte seg å vera populært.

Elles er det ei stor glede å endeleg ha eit eige lokale for kulturskulen. Den nye blackboxen (gamle gymsalen) blir no nytt til både band, gitar, dans, slagverk og korps.

**Mål 2: Målet til Ulvik kulturskule er å tenna gnisten i dei unge, og få opp interessa rundt kunstnarlege uttrykk.**

**Status:** Me har framleis god breidde i kunstuttrykka i kulturskulen i Ulvik. Hovudtyngda ligg i musikk, men no er dans også kome godt på banen. Me hadde for få søkjrarar til å setja i gang drama i år, men kjem sterkare attende neste skuleår.

Også dette skuleåret hadde me ein elev som byrja på musikklinja på Voss Gymnas. Ulvik-elevane gjer det godt der. Difor vurderer me at me leverer eit godt tilbod som spenner frå folkemusikk, korps, pop, rock til biletkunst dans og Nøringen for dei aller yngste

**AKTIVITETAR FOR BORN OG UNGE:**

**Mål 1: Gjennom stor grad av medverknad frå ungdommane sjølv, skal me skapa eit godt og variert tilbod til ungdommane i bygda. Dette gjeld både på ungdomsklubben og gjennom andre aktivitetar.**

**Status:**

Etter ein turbulent periode med Covid-relaterte utfordringar og utskifting av personell er det behov for å sjå nærrare på organiseringa av ungdomsarbeidet i bygda.

Ungdomsklubben har stort behov for oppgradering av lokala, men det er ikkje midlar til dette tilgjengeleg i vedteke budsjett.

Det samla tilbodet til ungdommen i Ulvik er variert og godt. Det er likevel vanskeleg å treffa alle. Spesielt i sommarhalvåret ser det ut til å vera ein del unge som aktiviserer seg sjølv i sentrum og på badeplassane i bygda. Diverre har det kome ein del meldingar om rot, forsøpling og hærverk. Dette bør ein kunne motverka med å syta for gode møteplassar for dei unge. Ungdomsklubben kan spela ei viktig rolle her, og bør prioriterast noko høgare enn tilfellet er i dag. Det bør setjast av midlar til naudsynt opprusting av lokala. Det kan også vera aktuelt å sjå på alternativ plassering av klubben. Det ideelle hadde vore eit frittliggjande hus i nærleiken av sentrum/skule. Det vil alltid vera litt støy og uro knytt til ein stad der mange unge samlast. Dette er ikkje eit nytt fenomen, men at ungdomsklubben ligg i etasjen under ein bustad er ikkje så bra i så måte. **Sjå vedlagt notat frå ungdomsarbeidaren.**

Tilrettelegging for organisert e-sport er noko ein bør satsa på. Mange unge er interesserte i dette på eit eller anna nivå. LAN-arrangement vil vera mykje lettare å få til på regelmessig basis, dersom ein legg til rette for dette gjennom eit meir permanent opplegg for aktiviteten. Per i dag er ein veldig avhengig av enkeltpersonar for å kunna gjennomføra, samstundes som dei unge sjølv har stort ynskje om at dette vert arrangert.

Gjennom ordninga med tilskot frå Ungdom & Fritid får ein midlar til aktivitet. Også i år har ynskjet vore spelkonsoll av typen ps5, med VR-briller. Dette har vi fått midlar til, men det er framleis leveringsproblem på verdsmarknaden. Truleg går det mot omdisponering også av årets tilskot til Gaming-PC. Per i dag er det berre ein god PC fordelt på alle ungdomane, så det er behov for å auka kapasiteten.

**Mål 2: Å skapa eit aktivt og engasjert ungdomsråd, som bidreg til å påverka politiske avgjerder.**

**Status:**

Ungdomsrådet skal drivast i tråd med kommunelova, på lik linje med andre kommunale råd og utval. Dette krev at ein har god styring og tilrettelegging. Ungdomsarbeidaren er koordinator for dette arbeidet. Saker som gjeld ungdomen skal handsamast av rådet, og dei skal ha høve til å koma med fråsegner.

Det er difor viktig at ein kjem i gang att med gode rutinar for dette. Utskifting av personell og Covid-relaterte problem har og på dette området ført til at dette ikkje fungerer optimalt nett no. Både administrasjon og ordførar må bidra til at ungdomsrådet får gode arbeidstilhøve.

Koordinator skal organisera møteplan og fungera som sekretær, men skal ikkje vere aktiv i dei politiske diskusjonane, og heller ikkje påverka kva saker som vert teke opp i rådet. Møteplanen bør legga opp til at Ungdomsrådet har sine møte i forkant av Formannskapsmøte.

#### 4.1.1.4 Tenesteproduksjon

**Her følger ei oversikt over grep som er gjort i budsjett 2022 for å halda den tildelte råma:**

Tatt ut av budsjettet:	Auka kostnad på eksisterande tiltak	Ynskje om tiltak:
55 % lærarstilling øyremerka tidleg innsats - kostnad 375 000 NOK	Kjøp av skuleplass for elevar i andre kommunar, auke på 350 000 NOK	Varmt skulemåltid for alle elevane ein gong pr veke. Utgifter til mat: 266 000 NOK pr år. Må sjåast i samanheng med tiltak på Helse om kjøkkenassistent.
20 % stilling til norskopplæring framandspråklege - kostnad 140 000 NOK	Kjøp av 2 elevplassar på norskopplæring på Voss, 60 800 NOK pr plass	Tilsetja miljøterapeut i 100 % stilling på Brakanes skule. Kostnad: 740 000 NOK
Reduksjon i skyssutgifter med 150 000 NOK	Kjøp av grunnskuleopplæring for 5 kandidatar på Voss (auke frå 4 til 5 kandidatar, auke på 100 000 NOK)	Oppgradering av ungdomsklubb-lokalet.
Vikarposten er redusert frå 350 000 NOK til 200 000 NOK.	Kjøp av teneste hjå Inn på tunet, auke på 230 000 NOK	
Reduksjon i km godtjersle Kulturskulen 50 000 NOK	Kjøp av tenester hjå PPT Voss, auke på 50 000 NOK.	
Reduksjon i budsjettet til mat- og helse med 65 000 NOK		
Reduksjon i ekskursjonar med 80 000 NOK		

**Kommentar til tiltaka:**

For å koma i tildelt råme, har me gjort innsparinger som vist i tabellen. Dette vil få konsekvensar

for:

- Tidleg innsats; i praksis betyr dette at ekstra ressursar i 1.-4. klasse er tatt bort
- Ekskursjonar; får betydning for kor mange ekskursjonar klassane kan reisa på
- Mat og helse; reduksjonen inneber at fruktmåltidet er tatt bort
- Vikarposten; reduksjonen er gjort på bakgrunn av siste års rekneskap. Det har vist store refusjonar på sjukefråvær

**Auka stilling ungdomsarbeidar:** Det har vore mykje uro rundt aldersgruppa 4.-7. klasse. Desse borna har ikkje noko organisert klubb-tilbod. Dei oppheld seg ulike stader i bygda på ettermiddag/kveldstid, m.a. på skulen, og det er ikkje alltid like positiv aktivitet. Det har vore ein del hærverk og tilgrising av bygningar og uteområdar. Me ynskjer difor å auka ungdomsarbeidarstillinga til 60 %, for å kunna gje denne aldersgruppa eit organisert fritidstilbod, i form av ein juniorklubb med aktivitetar på ettermiddagstid 1-2 kveldar pr veke.

**Tilsetja miljøterapeut i 100 % stilling på Brakanes skule:** Skolemiljøet har over tid vore utfordrande. Me har ikkje rom for å driva med førebyggjande arbeid, slik stoda er i dag. Det er knapt med ressursar og stor travelheit. Dette er skadelidande for elevane si læring. Det er nødvendig å retta ein større innsats mot det psykososiale miljøet på skulen. Å tilsetja ein miljøterapeut vil kunna hjelpe skulen til å få eit betre og tryggare læringsmiljø. Det kan vera avlastande for lærarane, konfliktdempande, føra til mindre bråk og uro i klassen, noko som ofte skuldast manglande oppfølging av ulike psykososiale problem. Ein miljøterapeut vil kunna ha ei viktig rolle i samarbeid med eksterne aktørar som PPT, BUP, barnevern og foreldre. Dette er også i tråd med intensjonane i den nye barnevernsreforma (oppvekstreforma).

**Skolemåltid:** Dette har vore eit felles prosjekt med helse og omsorg. Elevane har fått varmt skolemåltid ein gong pr veke i haust. Måltida vert servert på Omsorgstunet. Både lærarar, elevar og kjøkkenpersonale har hatt stor glede av prosjektet og gitt positive tilbakemeldingar. Besøk av skuleborna på omsorgstunet har skapt mykje glede hjå bebruarane. Mange eldre kjem ut for å sjå på livet borna lager. Skolemåltid er eit positivt folkehelsetiltak på mange plan, og både skulen og omsorgstunet ynskjer å fortsetja med tiltaket i 2022. Tiltaket har så langt vore dekka av prosjektmidlar frå Vestland Fylkeskommune. Det vart gjort vedtak om å bruka 200 000 NOK til dette tiltaket i heradsstyresak 107/19, tiltak folkehelse punkt 2 og 3. Beløpet er avkorta mot motteke tilskot, i tråd med vedtaket, men ikkje fullt gjennomført per 2021. Det er ikkje overført unytta midlar til dette frå 2020.

#### **Her følger ei oversikt over prosjekt Brakanes skule deltar i:**

**DEKOMP**, dvs. desentralisert kompetanseutvikling, i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet, med fokus på digital kompetanseheving for 5.-10.klasse. Her har Brakanes skule og Høgskulen på Vestlandet fått 200 000 kr kvar til prosjektet, i tillegg til at begge partar måtte stilla med ein

eigenandel på 60 000 kr. Prosjektet har vore sett på vent, men skal no sjåast i samanheng med at skulen er kome med i Oppfølgingsordninga til Udir.

**Oppfølgingsordninga til Udir** - Dette er ei ordning for kommunar som over tid ikkje oppnår tilfredsstillande resultat på sentrale område i opplæringa. Gjennom ordninga vert desse kommunane pålagd deltaking i statleg støtta rettleiing over ein periode på 3 år. Kommunane vert identifiserte ved bruk av eit indikatorsett. Indikatorar for sentrale område innan læringsmiljø og læringsutbytte dannar utgangspunkt for ei nedre grense for kvalitet. Innsatsperioden består av ein førfase og ein gjennomføringsfase:

Førfasen		Gjennomføringsfasen			
Haust 20	Vår 21	Haust 21	Vår 22	Haust 22	Vår 23
- Analysearbeid- Definere tiltak og finne kompetansemiljø- Forankringsarbeid- Klargjere eigen organisasjon	- Igangsette og gjennomføre tiltak på skuleigar og einingsnivå- Evaluere tiltaka og planlegge videreføring av utviklingsarbeidet				

Brakanes skule har gjennom analysearbeidet identifisert to ulike innsatsområde. Det eine området er lesing, og det andre området er arbeid med organisasjonskultur. Me er godt i gang med dette arbeidet. Høgskulen i Vestland bidreg med ein ekstern ressursperson i arbeidet.

**Trygg oppvekst i Ulvik** - Dette er eit tverrfagleg prosjekt, som skule og barnehage har søkt BUFDIR om midlar til. Me har fått 300 000 NOK, men mange av dei planlagte tiltaka vart sett på vent pga. korona. Som ein del av prosjektet har me utdanna eigne COS (Circle of security) - ressurspersonar. Ida Opedal og Sonja Svingen har deltatt i ei kursrekke som er dekka av desse midlane. Me har fått utsett frist på rapportering av prosjektet til 31.12, og me håpar såleis å kunna gjennomføra fleire av tiltaka i løpet av hausten.

**ERASMUS +** - Brakanes skule har søkt og fått 18.850 euro til utveksling av tilsette innan programmet mobilitet for tilsette. Det er søkt om at 10 tilsette får reisa. Tema for utvekslinga er mangfold og inkludering. Det er den lokale skulen i venskapsbyen Greve-in-Chianti (Italia) som er målet for utvekslinga. Planen er at Brakanes skule skal ta i mot tilsette frå Greve-in-Chianti innan same ordninga. Prosjektet er sett på vent til det er trygt å gjennomføra.

#### 4.1.2 Internkontroll og tilsyn

Brakanes skule har ikkje hatt eksternt tilsyn i 2021.

##### HMS arbeid:

Det vart gjennomført vernerunde 20.05.2021. Det vart laga ein handlingsplan over tiltak som må gjerast. Nokre av tiltaka vart gjort straks, t.d. å fjerna ting som sperra rømmingsveg, giftblad på giftrom osb. Andre tiltak er meir langsiktige, som nytt skulekjøkken. Her er arbeidet planlagt starta 03.01.21. Ein håper også å få på plass ei strøm- og datalist på naturfagsrommet. Eit anna ynskje er å få garderobe og toalett i administrasjons-fløyen. Dette bør inn i vedlikehaldsplanen.

Brakanes skule har dette året revidert og endra ein del planar, instruksar og rutinar med omsyn til HMS og brannvern. Kvar haust får dei tilsette opplæring i HLR av ein godkjent instruktør. Dei som

skal ha symjeundervisning fekk opplæring i livredning i vatn av same instruktør.

#### **Rutineskildring i høve røykutvikling og brann, branninstruksar:**

Me gjennomgår branninstruksen kvar haust, har opplæring på branntavlene og øving med Evacstol. Gjennomgang av branninstruksen og øving med Evacstol vart gjort i august/september 2021 og opplæring på tavlene er gjennomført. Gjennom skuleåret 2021/2022 skal me ha 2 brannøvingar, den eine varsla og den andre uvarsla. Våren 2021 fekk me installert nytt varslingsanlegg på Brakanes skule med direkte varsling til brannvesenet.

**Felles avvikssystem i Ulvik herad** der tilsette melder avvik på nett. Hausten 2020 vart det innført bruk av avvikssystemet Compilo. Dette verktyet må heile personalet få opplæring i å bruka, dersom det skal fungera etter intensjonen.

**Rutiner og system for handsaming av personvernopplysningar GDPR.** Skulen har utarbeidd eigen protokoll med oppsett av rutineoversikt i høve lagring og handsaming av personopplysningar.

**Handlingsplan ved vald og seksuelle overgrep mot barn og unge,** gjeldande for Ulvik herad 2018-2020. Må reviderast i tverrfagleg team.

**Rutineskildring i høve mobbing og krenking.** Handlingsplan for å skapa eit godt psykososialt skolemiljø må reviderast.

**Plan for tryggleik og beredskap på Brakanes skule 2020 – 2021** - med tiltakskort er under arbeid. Tiltakskorta er ikkje ferdige. Dette arbeidet skal ferdigstilla i løpet av skulåret 2021-2022.

Anna planverk som skulen har:

- \* Plan for alvorlege ulukker på Brakanes skule
- \* Plan for urovekkande fråvær på Brakanes skule
- \* Rutineskildring for dagleg reinhald og periodisk reinhald
- \* Rutineskildring for ulike nivå for drift av skulen i høve Covid 19.

Brakanes skule er ikkje godkjent i høve **Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.** Søknad vil verta sendt inn på nytt når alle planlagte tiltak er gjennomførte.

## 5 Helse

### 5.1 Tenesteproduksjon

#### 5.1.1 Innleiing

Helse- og omsorg i heradet, skal syta for å dekka dei behova befolkninga i Ulvik har for helse og omsorg. Helse og omsorg er delt opp i to avdelingar, NAV (270) og Helse og omsorg (240).

Helse har tenestene

- 1200 Felles adminstrasjon
- 1209 Adm. Fagområde
- 2320 Helsestasjon og jordmorteneste
- 2340 Drift av nr.10/Brakkestunet
- 2342 Støttekontaktteneste
- 2340 Dagavdelingen for demente
- 2410 Kommunelegetenesta
- 2411 Legevakt
- 2412 Fysioterapitenesta
- 2422 Skjenkekontroll
- 2423 Krisesenter
- 2430 Edruskap og behandling
- 2440 barnevernsteneste adm
- 2510 barneverntiltak i fam §4-4
- 2520 Barneverntiltak utenfor familien
- 2530 Ulvik sjukeheim
- 2531 Miljøarbeidar
- 2533 Annan bolig/institusjon (overf frå 2545)
- 2541 Hjemmesykepleie
- 2542 Ergoterapi
- 2544 Psykologiteneste
- 2546 Omsorgsløn

Eininga er ansvarlig for inntaksnemd for vurdering av institusjonsopphald, bustadgruppa, tverrfagleg gruppe, koordinerande eining, saker etter serverings- og alkohollova, folkehelse, flyktningar, heradet sin representant i styret i Bustadstiftinga, deltaking Samarbeidsråd Voss lokalsjukehus.

NAV har tenestene:

- 1200 Felles adminstrasjon

- 1209 Adm. Fagområde
- 2420 Sosial rådgivning
- 2430 Edruskap og behandling
- 2750 Introduksjonsordningen
- 2810 Bidrag livsopphald §5-1/5-2

Kommunane og staten har eit felles ansvar for NAV-kontorene

Arbeids- og velferdsforvaltninga har fleire oppgåver: å hjelpe folk i arbeid, bidra til sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet og gi sosial og økonomisk tryggleik for ho enkelte.

## 5.1.2 Økonomisk oversikt og mål for planperioden

### 5.1.2.1 Økonomi

#### Driftsbudsjett per eining 2022 HST

Beskrivelse	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Helse						
Inntekt	-10 970 000	-7 871 000	-8 263 000	-8 263 000	-8 263 000	-8 263 000
Utgift	53 069 000	48 511 000	49 447 000	49 686 000	49 408 000	49 686 000
Netto	42 099 000	40 640 000	41 184 000	41 423 000	41 145 000	41 423 000

Helse og omsorg har hatt utfordringar i 2020 og 2021 som følgje av koronapandemien og behov for høgare bemanning enn normalt. I same periode har barnevernskostnadene auka i tråd med same utfordringar.

Erfaringane frå 2021 har syna eit behov for redusert overtidsbruk, både av økonomiske og helsemessige årsakar, og budsjettet for 2022 legg opp til å auka grunnbemanninga for å fjerna behovet for fast overtid.

#### Investeringsoversikt per ansvar 2022-2025

Beskrivelse	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Helse 240 Helse og omsorg 4446 Bilar helse	0	725 000	0	0	0	0
Helse 240 Helse og omsorg 4518 Investeringsplan helse 2022-2025	0	0	1 000 000	0	0	0

## Utstyr legekontoret

Sug ca kr 5000,- Laerdal Compact Suction Unit (LCSU) 4 | Laerdal Medical

Akutt-tralle/skap til akuttrommet ca kr 20 000,- Becker anestesi prosedyre og akutt vogn - Gymo AS

Ny sterilisator (er frå 2000) kr 25 000 Tørrsterilisator TERMAKS TS 9026 26L (alere.com)

SUM investeringsbehov: kr 50 000,-

## IT- utstyr Helse og omsorg 2022-2024

oppdatering av utstyr 50 000

Ny programvarer folkehelse 50 000,- og 50 000,- BTI

## Nye Biler 2022

500 000,- innskot på bilane 4 bilar og ein buss e-biler med automat og firehjulsdrift på 2 av dei.

## Velferdsteknologi 2022-2023-2024

E-lås 300 000,- i 2022

**Ny leverandør 2022 pga ikkje fått tenesta vi har vorte lova, frå netnordic: Stor kostnad**

### 5.1.2.2Årsverk

#### Årsverk

Ansvar	Totalt antall årsverk	Faste	Midlertidige	Tjeneste
270	1	1	0	NAV
240	0,5	0,5		Psykiatrisk sykepleier
240	1	1		Ergoterapeut
240	3,15	3,15		Heimehjelp
240	5,66	5,66		Heimesjukepleia
240	3,98	3,98		Kjøkken
240	0,93	0,93		Helsesjukepleiar
240	1,0	1,0		Administrasjon (kommunalsjef)
240	23,44	23,44		Ulvik omsorgstun
240	0,33	0,33		Dagavdelinga
240	3,56	3,39	0,17	Legekontoret
240	2	2		Fysioterapeutar

For 2022 og resten av planperioden leggast det opp til ein auke på 1,5 årsverk. Dette gjeld ein brukerstyrt personleg assistent, tilsette som har opparbeidd rett til fast tilsettjing etter vikarbruk i

pandemien og midlertidige stillinger knytt til pandemiutfordringar og langtidsfråvær.

Vi legg vekt på at dei tilsette skal gå på tvers på omsorgstunet og ved heimebaserte tenester. Me har til formål om å gje innbygjarane i Ulvik den beste pleien dei har krav på.

Me hadde i 2021 eit gjennomsnittleg belegg på 15 pasientar/brukarar på omsorgstunet. For langtidspasientar så gir det oss ei inntekt i forheldt til pensjonsutbetalingane. Det må i denne samanhengen seiast at etter kommunereforma, har dei medisinske utfordringane vorte annleis og pasientena/brukarane krev meir ressursar enn tidligare. Lågare belegg gjev difor ikkje direkte utslag i færre tilsette på institusjon.

Minstepensjonistar gir oss ein inntekt på 354kr dagen og for korttidspasientane gir det oss ei inntekt på 175kr dagen.

Døme på utrekning av eigenandel for einsleg:

Dette er eit døme på utrekning for ein einsleg. Her er utgangspunktet ein pensjon på 250.000 kroner, og renteinntekter på 5.000 kroner. Dette gir ein samla skatt på 15.539 kroner i 2021-tal.

Dette gjer at bebuaren må betala 186.657 kroner (15.554 kroner per mnd) i egenandel.

Fysioterapeutane arbeidar med heile befolkninga i Ulvik, men får ikkje refusjon frå barn, pasientar på omsorgstunet. Dette utgjer opptil 50% av ein fysioterapaut.

### 5.1.2.3 Mål for økonomiplanperioden

#### Mål planperioden 2022-2025:

##### NAV

- Å få fleire ut i jobb (heilt eller delvis) med statlege tiltak der det er mogleg (t.d. lønnstilskot).
- Å nytta dei statlege økonomiske ordningane nokre brukarar har krav på, t.d. bustønad og arbeidsretta tiltak.
- Få minst ein brukar over på kvalifiseringsstønad.
- Hjelpa minst ein familie til å få kjøpt huset dei har leigd i fleire år, gjennom startlån/Husbanken.

##### Helse og omsorg

###### 1. Kutt i overtidsbruk, ekstravakter og vikarar

- Motivere personalet til å stå i utfordrande oppgåver
- Endring i turnus skal gje redusert bruk av overtid og ei betra styring.

###### 2. Skal skapa ein robust eining

- Kompetanseutvikling hos personalet for å skapt rollefleksibilitet
- Nyte personalet på tvers i eininga
- Kulturendring

### 3. Rekruttera

- Systematisk arbeid med bemanningsutfordringane
- Vere aktive på sosiale medium for å reklamera for eininga
- Nytte gratis oppslag for å fremma eininga som arbeidsplass

### 4. Utvikla samarbeid med andre

- Utarbeida forslag til tenesteområde som bør inngå i interkommunalt samarbeid
- Styrke frivillig arbeid

#### 5.1.2.4 Tenesteproduksjon

Her følgjer ei oversyn over grep som er gjort i budsjett 2022 for å halda den tildelte råma:

Tatt ut av budsjettet:	Auka kostnad på eksisterande tiltak	Ynskje om tiltak:
20 % kokk i permisjon- kostnad 90 260 av 451 300 NOK	45% fagarbeider økt opp til 70%, pga av brukerretta tilbod. Nytt tilbod.	Auke 40% assistent på kjøkkenet, knyttet til varmt skolemåltid for alle elevane ein gong pr veke. Utgifter 163 100 NOK pr år.
		100% sjukepleiar og 100% helsefagarbeidar i eit viakriat 1.år vanskeleg å rekruttera 667 800 + 569 400NOK. Tiltaket er ikkje lagt til tiltakslista for planperioden då vaktante stillingar må løysast innan eksisterande ramme i ljós av tilsette med rett på fast stilling etter pandemien.
	20% til 100% assistent pga krav. 50-80% krav	
	Det blir mest sanssynlig ei økning på barnevernkostnadene, aner ikkje kostnadene	
	Ferieavvikling på legene 4 uker ferie vikar	

Moglege sparetiltak er også vurdert som fylgjer:

2023	2024	2025
Selge deler av prosjekt Leik og le 50 000 pr del som selges.	Selge deler av prosjekt Leik og le 20 000 -50 000 NOK pr del som selges.	Selge deler av prosjekt Leik og le 20 000 -50 000 NOK pr del som selges.
	Fra 2 til 1 lærplingplass av 420 000 NOK	Fra 2 til 1 lærplingplass av 420 000 NOK
	Spare ØHD kostnad 381 338 NOK	
Revurdera/reforhandla avtale om barnevernstjeneste med Ullensvang kommune.		

2023	2024	2025
Legge ned dagsenter 33% stilling 274 211 NOK. Dagens bemanning og tilbod er høgare enn lovkravet.		
	Vurdere reduksjon av antall langtidsplasser 1 plass koster fra 186 657 NOK	
		Legekontoret og kommuneoverlege se på løsninger for fremtiden (Ser vi for oss et samarbeid med nabokommunen, eller skal me drifte dette aleine?)
Selje tenester til Eidfjord - fysioterapeut 1.dag til 2. dager i mnd. 4927 NOK pr dag	Selje tenester til Eidfjord - fysioterapeut 1.dag til 2. dager i mnd. 4927 NOK pr dag	Selje tenester til Eidfjord - fysioterapeut 1.dag til 2. dager i mnd. 4927 NOK pr dag

### Her følgjer ei oversyn over prosjekt helse og omsorg jobba med:

- Aktivitetar for einsemd: 300 000 koronarelatert
- Aktivitetstiltak for besøksvert: 400 000 koronarelatert
- Skulemåltid: 100 000 folkehelse
- Leik og le: 371 500 fysio og helsesjukepleiar 3 år prosjekt
- Kommunalt rusarbeid 1 320 000 3 års prosjekt
- Folkehelse: 225 000
- BTI: 960 000
- Eldre ut på middag: 232 200

### NAV

#### **Utfordringar 2022-2025**

Nav har eit gammalt arkiv i papirform. Ynskje om ny programvare der ein kan arkivera digitalt.  
Stille strengare krav til søkjarar (etterspørje dokumentasjon)

### Drift Helse og omsorg

#### **Utfordringar 2022-2025**

##### **Utfordring 1**

Ulvik omsorgstun slit med å dekka vakter ved fråvær og ved sommaravvikling. Det har vore og er store rekrutteringsutfordringar innan helse, me skal laga eigne strategiar for dette arbeidet og ha klare tiltak på dette, eit av tiltaka er lærlingar.

##### **Utfordring 2**

Legekontoret og omsorgstunet har ressursar til vanleg drift. Covid-19 med sine smitteverntiltak har påverka helse og omsorg ressursbruken sin i år. Vikarlege på legekontoret var heilt #naudsnyt, for at kommuneoverlegen skulle kunna fokusera på pandemi-situasjonen med dei føringane som kom på kort varsel. Store pandemiar klarer me ikkje å planlegga ressursbruken ved ein slik krise.

### **Utfordring 3**

Helsestasjon og legekontor i framtida.

Me har byrja med rekkrutering av ny helsesjukepleiar, me må starta arbeidet med planlegga drift når overlege går av med pensjon.

#### **Sjukefråvær 2021 (240-270)**

<b>Ansvar</b>	<b>Fråvær%</b>	<b>Korttids%</b>	<b>Langtids%</b>
Helseteneste/kommunelege	9,71	1,34	8,38
Helsesjukepleiarteneste	4,80	0,00	4,80
Sosiale tenester	1,08	1,08	0,00
<b>7,82</b>	<b>1,16</b>	<b>6,65</b>	

<b>Ansvar</b>	<b>Fråvær%</b>	<b>Korttids%</b>	<b>Langtids%</b>
Ulvik omsorgstun	5,55	1,93	3,61
Heimebaserte tenester	3,01	3,01	0,00
<b>5,00</b>	<b>2,16</b>	<b>2,84</b>	

Tala frå 2021 syner belastinga frå pandemien og det vil i kommande planperiode arbeidast kontinuerleg med å betre tilrettelegging og finne løysingar for å få ned fråværet.

#### **5.1.3 Internkontroll og tilsyn**

Helse og omsorg har ikkje hatt eksternt tilsyn i 2021.

##### **HMS arbeid:**

